



# EVALUERINGS- RAPPORT

VÅREN  
2014

**DET  
NORSKE  
TEATRET**

# INNLEIING

Det Norske Teatret feira hundreårsjubileum i 2013 på fleire ulike vis, ein viktig del av denne feiringa har vore jakta på identiteten til teatret. Alfred Fidjestøls kritikarrote historiebok har fått den treffande tittelen «*Trass alt*». Det viser til at dette teatret blei fødd i strid og har vore i utfordrarposisjon i hundre år - kunstnarleg og språkleg. Nynorskteatret i bokmålland har ofte gått føre. Det har introdusert nye genrar og former. Det har vore folkeleg og avantgarde. Det har overraska og irritert.

Jubileet blei feira under mottoet «*Hundre år og like stri*». På veg inn i eit nytt hundreår er mottoet: «*Fart og sjølvtilit!*» (Tonje Glimmerdal sitt slagord i framsyninga med same namn) Det Norske Teatret er eit teater med høge ambisjonar. Sjølvtiliten er på plass fordi vi veit noko om historia og den arven vi forvaltar, og fordi vi veit at vi har svært kompetente medarbeidarar i alle avdelingar. Det er fart på teatret fordi aktiviteten har auka kraftig, fordi vi spelar for fleire menneske enn på lenge, fordi vi ønskjer å nå andre og endå fleire og fordi vi har eit kvalitetsrepertoar med stor breidde.

I denne evalueringsperioden har teatret *auka aktiviteten monaleg*. Dette går fram av statistikken og av dei ulike punkta i denne rapporten. Teatret har gått over til repertoarspel, og det er etablert full drift på den tidligare Prøvesalen - Scene 3. Aktivitetsauken syner seg tydeleg i tal på framsyningar, produksjonar og publikum. Det er etablert ei eiga skodespelar-utdanning, *Det Multinorske*, i samarbeid med Høgskolen i Nord-Trøndelag, for studentar med ein annan etnisk bakgrunn enn norsk. Ein eigen kafé-/kabaretszene, *Bikuben*, er opna i foajéområdet, det same er restauranten *Kafé Løve*.


Vår eiga vurdering av dei kunstnarlege resultatane er at teatret held *høg kvalitet*. Meldarane er samde med oss, og ei rekkje Hedda- prisar og nominasjonar underbyggjer dette. Teatret har gode skodespelarar, mange skodespelarar ønskjer å arbeide ved teatret, og teatret er kjent for ensemblespelet sitt. Utanlandske gjester uttrykker begeistring for det kunstnarlege nivået både på og bak scenen, og gjestande scenografar rosar verkstadane for den høge profesjonaliteten.

Arbeidet med å styrkje kvaliteten i arbeidet på alle felt i organisasjonen går vidare. I kunstnarleg verksemd kan ein aldri kvile på dei resultatane som er oppnådd.

Denne eigenevalueringa er eit resultat av arbeid i heile teatret. I tillegg til svar på spørsmåla i evalueringsskjemaet finst ei rekkje vedlegg som går meir detaljert inn på spørsmåla.

Oslo, 28. februar 2014

Erik Ulfsby  
teatersjef



**DET  
NORSKE  
TEATRET**

**NEW YORK  
WORLD  
OF THEATRE**

# INNHALD

1.1

**Tal dei siste fire åra for resultatindikatorane under resultatmål 1.1 Formidle scenekunst på eigen scene og på turné, sett saman i ein tabell.**

1.2

**Meiner teatret at det finst andre indikatorar som kan gi eit meir dekkande bilete?**

1.3

**Oppsummering av rapportering den siste fireårsperioden om samproduksjonar og samarbeid med andre scenekunstinstitusjonar og frie grupper.**

1.4

**Teatret sin omtale av eige bidrag til det overordna målet om tilbod i heile landet**

1.5

**Teatrets analyse og vurdering av utviklinga**

2.1.

**Tal for dei siste fire åra for resultatindikatorane under resultatmål 2.1.**

2.2

**Meiner teatret at det finst andre indikatorar som kan gi eit meir dekkande bilete.**

2.3.

**Teatret sin analyse og vurdering ut frå tabellen over.**

2.4.

**Korleis har teatret arbeidd den siste fireårsperioden for å utvikle ny norsk dramatik?**

2.5

**Korleis reflekterer teatret om tilhøvet mellom utvikling/fornying og publikumssuksess?**

2.6

**Korleis arbeider teatret med eigenevaluering som ein del av den ordinære verksemda, eventuelt òg i styresamheng.**

2.7.1

**Kva vil de med teatret? Kva for kunstnarlege visjonar har de for teatret? Kva er avgjerande for repertoarprofilen?**

2.7.2

**Kva gjer de for å halde oppe og styrkje engasjementet innanfor teatret?**

2.7.3

**Kva gjer de på teatret for å halde oppe og styrkje engasjementet ut mot omverda?**

2.7.4

**Kva for kunstnarlege sjangrar og aktivitetar satsar de på?**

2.7.5.

**Kompetanse: kunstnarleg, leiing og formidling**

2.7.6

**KORLEIS SYNLEGGJER DE TEATRET SIN EIGENART?**

2.7.7

**Kva for målgrupper har de?**

2.7.8.

**Korleis heng ambisjonane saman med teatret sine økonomiske og fysiske rammer og krava i tilskotsbrevet For Det Norske Teatret har det aldri vore vankseleg å oppfylle krava i tilskotsbrevet.**

2.7.9

**Korleis vil de karakterisere teatrets betydning og relevans i ein kunstnarleg og samfunnsmessig kontekst.**

3.1.

**TABELL**

3.2.

**MEINER TEATRET DET FINST ANDRE INDIKATORAR SOM KAN GJE EIT MEIR DEKKANDE BILETE?**

3.3

**TEATRETS ANALYSE OG VURDERING AV TALA I TABELLEN**

3.4

**HAR TEATRET SINE EIGNE PUBLIKUMSUNDERSØKINGAR?**

4.1.

**Kva inneber kravet til mangfald og inkludering for dette teatret? Med utgangspunkt i den samheng institusjonen er i: Kva målgrupper og inkluderings- og mangfaldsperspektiv er særleg aktuelle – publikumsmessig og kunstnarleg?**

4.2

**Kva slags strategiar, planar og tiltak har de for inkludering og større mangfald?**

**Kva har dette resultert i så langt? Kva rolle spelar styret i denne samanhengen?**

4.3.

**Rapport om strategiar og gjennomførte tiltak som gjer det mogleg at kvinner og menn får like rettar til kunstfaglege, tekniske og administrative posisjonar.**

5.

**Effektiv ressursutnytting Scenekunst, mål 5: Effektiv ressursutnytting**

5.1

**Samanstilling av rapportering dei siste fire åra på resultatmål**

– Sikre god økonomistyring og ressursutnytting,

– Systematisk eigenevaluering av

resultat og måloppnåing i samsvar med strategiplan,

– God forvaltning av bygningsmasse og teknisk utstyr

– Breitt og systematisk samarbeid mellom institusjonane

5.2

**Fleire spørsmål til eigenevaluering av god ressursutnytting**

6.

**Særskilde problemstillingar**

7.

**Arbeidet med eigenevalueringa**

## **DIVERSE VEDLEGG**

**Vedlegg pkt 2.4, 4.2, 5.1 og 5.2**

# DET NORSKE TEATRET

Beskrivelse	2010	2011	2012	2013	Snitt 10-13
<b>1.1.1 Totalt antall forestillinger</b>	<b>947</b>	<b>1028</b>	<b>1111</b>	<b>1172</b>	<b>1065</b>
1.1.2 Forestillinger på egen scene/ fast arena	721	959	1033	1042	939
1.1.3 Forestillinger på turne i Norge	39	113	77	134	91
1.1.4 Forestillinger i utlandet	6	6	0	17	7
1.1.5 Mottatte gjestespill	8	9	6	9	8
1.1.6 Transmisjoner	0	0	0	0	0
1.1.7 Forestillinger formidlet gjennom Den kulturelle skolesekken	9	10	7	6	8
<b>2.1.1 Totalt antall produksjoner</b>	<b>31</b>	<b>38</b>	<b>36</b>	<b>49</b>	<b>39</b>
2.1.2 Antall egne produksjoner	17	23	28	30	25
2.1.3 Antall uroppføringer	7	4	2	6	5
2.1.4 Antall produksjoner av norsk samtidsdramatikk	8	11	16	12	12
2.1.5 Antall produksjoner av utenlandsk samtidsdramatikk	8	7	9	9	8
2.1.6 Antall produksjoner med norsk samtidsdramatikk rettet mot barn og unge	4	3	5	2	4
2.1.7 Produksjoner av ny norsk koreografi	3	0	0	0	1
2.1.8 Produksjoner av ny utenlandsk koreografi	0	0	0	0	0
<b>3.1.1 Totalt antall publikum</b>	<b>163684</b>	<b>177328</b>	<b>220791</b>	<b>211426</b>	<b>193307</b>
3.1.2 Publikum på billetterte arrangementer	131841	148328	191280	173648	162315
3.1.3 Publikum på egen scene/fast arena	157502	158057	192945	165616	161274
3.1.4 Publikum på turneforestillinger i Norge	5942	25337	27801	37992	24268
3.1.5 Publikum i utlandet	240	810	0	1316	592
3.1.6 Publikum på egne produksjoner	146884	123302	217544	189540	169318
3.1.7 Publikum på mottatte gjestespill	3374	5668	3202	5789	4508
3.1.8 Publikum formidlet gjennom Den kulturelle skolesekken: Grunnskolen	1680	1397	4443	3796	3249
3.1.9 Publikum formidlet gjennom Den kulturelle skolesekken: Videregående skole	193	2372	0	0	641
3.2.1 Produksjoner rettet mot barn og unge	5	5	5	10	6
3.2.2 Forestillinger rettet mot barn og unge	140	115	117	224	149
3.2.3 Publikum på forestillinger rettet mot barn og unge	38023	19713	35258	52580	36394
3.3.1 Produksjoner rettet mot særskilte grupper	3	3	1	9	4
3.3.2 Forestillinger rettet mot særskilte grupper	274	50	106	345	194
3.3.3 Publikum på forestillinger rettet mot særskilte grupper	20731	6876	2724	43938	18567

1.1

**Tal dei siste fire åra for resultatindikatorane under resultatmål 1.1  
Formidle scenekunst på eigen scene og på turné, sett saman i ein tabell.**

## 1.2

### Meiner teatret at det finst andre indikatorar som kan gi eit meir dekkande bilete?

Tala i 1.1. syner talet på framsyningar på eigne scenar og turnéverksemda. Desse tala bør kommenterast utover det reint kvantitative. Omgrepet «framsyning» er ikkje eintydig. Nokre framsyningar er lange, andre korte. Nokre framsyningar er ressurskrevjande, andre enkle og rimelege å produsere. *Lunsj og lyrikk* er til dømes gratis framsyningar alle kvardagar året gjennom. *Bibelen* varte i seks timar på Hovudscenen. Vi tel både *Lunsj og lyrikk*-arrangementa og *Bibelen* som framsyningar. Slik må det vere. Ein kan neppe finne fram til «teljekantar» som til dømes skulle gjere det mogleg å samanlikne mellom institusjonane. Alle kvantitative storleikar må sjåast i samanheng. Årsmeldingane gjer betre greie for kva som ligg i dei einskilde tala enn det ein slik samletabell kan gjere. Ein slik statistikk har likevel verdi dersom *institusjonen vel å telje på same måte kvart år*. Då kan ein samanlikne det eine året mot det andre, så lenge ein følgjer opp med refleksjon.

Tala i tabellen syner ein vekst i talet på framsyningar frå 2010 til no. Dette er uttrykk for auka aktivitet på teatret. Særleg har det skjedd ein vekst i talet på turnéframsyningar. I same periode har aktiviteten på Scene 3 auka. Før 2011 og innføringa av Scene 3-reglane var det ein viss aktivitet på det ein kalla Prøvesalen. I 2010 vat det avvikla 53 framsyningar der – det dreidde seg då om samarbeidsproduksjonar og reine gjestespel. Dei siste tre åra av evalueringsperioden har teatret starta eigenproduksjon på denne scenen etter strenge reglar om ressursbruk. Resultatet er at teatret i 2011 hadde 121 framsyningar på Scene 3, i 2012 var talet 133 og i 2013 var det 130. *Dette er uttrykk for auka aktivitet og betre ressursutnytting.*

Vidare er det viktig å merke seg er det at Det Norske Teatret i perioden har gått over til å spele i repertoar. Vi trur ikkje at repertoarspel aleine gjer noko med framsyningstalet. Det kan vere at repertoarspel reduserer talet på såkalla svarte dagar noko, men vi har ikkje grunn til å tru at talet på «svarte dagar» har endra seg i særleg grad i evalueringsperioden. Repertoarspelet verkar derimot inn på *framsyningstalet for den einskilde oppsetjinga*. Det handlar om å tilpasse publikumsbesøket til kapasiteten på dei ulike scenane.

Framsyningstalet på Scene 2 og Scene 3 er temmeleg konstant. På Scene 2 om lag 190 framsyningar og på Scene 3 om lag 130. På Hovudscenen har det variert meir. Særleg står 2012 ut med heile 256 framsyningar. Det skuldast først og fremst at det blei avvikla familiefamsyning på ettermiddagen både vår og haust. (Sjå eige vedlegg med meir detaljerte framsyningstal, fordelt på dei einskilde scenane.)

## 1.3

### Oppsummering av rapportering den siste fireårsperioden om samproduksjonar og samarbeid med andre scenekunstinstitusjonar og frie grupper.

I 2010 gjennomførte DNT 5 samproduksjonar, ein av desse var eit internasjonalt samarbeid (med Nottingham Playhouse frå England), 3 var med frie grupper og ein med ein annan norsk institusjon. I 2011 var det 8samarbeidsprosjekt, 4 av desse med frie grupper og 4 med andre organisasjonar. I 2012 hadde teatret 7 samproduksjonar, 3 med frie grupper og 4 med andre institusjonar. I 2013 blei det laga 6 samproduksjonar, ein var med ei fri gruppe, 4 var med andre institusjonar og ein samproduksjon var med det nederlandske ungdomsteatret Toneelmakerij, Amsterdam.

Som det går fram i eit eige vedlegg, (sjå dette) har Det Norske Teatret òg hatt samarbeid innanfor andre felt enn reine produksjonar. Saman med BUL og NU om Den Mangfaldige Scenen, med Dramatikkens Hus, med andre teater og grupper om DUS, med Høgskulen i Nord-Trøndelag om Det Multinorske, med andre teater om Timewise osb.

## 1.4

### Teatret sin omtale av eige bidrag til det overordna målet om tilbod i heile landet

Teatret har ein føremålsparagraf som slår fast at det skal spele «på norsk mål i bygd og by.» Teatret har derfor heilt sidan starten drive med turnéverksemd. I evalueringsperioden har vi hatt ei rad store turnear - både i samarbeid med Riksteatret og i eigen regi. Som ein ser av statistikken, er talet på turnéframsyningar ekstra høgt i 2013. Dette året fylte teatret som kjent hundre år og var Riksteatret sitt samarbeidsteater. Heile 170 framsyningar blei det på turné i 2013 for 42 154 tilskodarar. I 2011 og 2012 var det òg mange turnéframsyningar. Det Norske Teatret er eigd av lag og foreiningar landet rundt, og både for Det Norske Teatret og den folkelege rørsla det er ein del av, er det viktig å syne scenekunst på eit høgt nivå og at ein rimeleg del av dei framsyningane som til ei kvar tid turnerer land og strand, er på nynorsk. Det er ikkje opplagt at dei andre teatra tenkjer slik. Det er viktig å merke seg at talet på turnéframsyningar kan variere frå år til år. Å vere samarbeidsteater for Riksteatret gir naturlegvis store utslag i denne statistikken.

I tillegg til å turnere i Noreg ønskjer Det Norske Teatret å streke under verdien av å reise ut av landet med framsyningar. Teatret har gjesta fleire internasjonale festivalar, og vi ser på dette som sær s viktig. Slik får teatret henta inn nye impulsar, men får òg høve til å måle seg med teater i andre land. For ofte må ein dessverre takke nei til å gjeste i utlandet av økonomiske årsaker.

Vi ønskjer i framtida å styrke både turnéverksemda innanlands, det internasjonale samarbeidet og gjestespel.

### Målpolitisk råd

Sambandet mellom DNT og mål- og ungdomslagsrørsla kjem organisatorisk til uttrykk ved at Det Norske Teatret har eit eige rådgjevsorgan, Målpolitisk råd, på 11 personar som representerer dei ulike organisasjonane bak teatret. Dette organet diskuterer språk- og kulturpolitiske tema, har to faste møte i året der teatersjef og andre representantar frå teatret møter og blir valde på årsmøtet.

## 1.5

### Teatrets analyse og vurdering av utviklinga

Auken i talet på framsyningar er ei villa utvikling. Talet på framsyningar må opp om teatret skal kunne nå eit endå større publikum. Ein ikkje kan leggje opp til eit snittbelegg på meir enn 75%. Det vil seie at det finst eit slags tak på kor mange tilskodarar det er mogleg å trekkje eit enkelt år om altså ikkje kapasiteten aukar. Sjølv om teatret framleis spelar familiefamsyningar på ettermiddagar, slik ein tradisjonelt hat gjort, ser ein at dette tidspunktet ikkje er særleg attraktivt. Familiemønstra har endra seg. I 2012 og 2013 såg ein dette klart. Helgeframsyningane var markert betre besøkt enn framsyningar som starta klokka 17. Dette er ein av grunnane til at ein i 2013 prøvde seg med nokre einskilde søndagsframsyningar. Teatret trur søndagen er ein særleg god dag for barne- og familiefamsyningar. Søndagsspelning vil òg auke kapasiteten. Det same vil auka turnéverksemd, fleire matinéar, nye spelelokale, oppsøkande verksemd osb. Dette kjem vi attende til under mål 3.

Det auka talet på framsyningar har skjedd innanfor teatret sine ressursrammer. Det betyr at teatret har blitt meir kostnadseffektivt og neppe har mykje meir å hente på innsparingar og effektivisering.



## 2.1.

### Tal for dei siste fire åra for resultatindikatorane under resultatmål 2.1.

Sjå samletabell på side 4.

## 2.2

### Meiner teatret at det finst andre indikatorar som kan gi eit meir dekkande bilete.

På same måte som tala i 1.1. ikkje gir eit tilstrekkeleg nyansert bilete av talet på framsyningar, kan heller ikkje tabellen i 2.1 gi noko fullgodt bilete av breidda i repertoaret.

Det Norske Teatret har auka aktiviteten markert dei siste tre åra. Dette viser seg mellom anna i talet på produksjonar. Vi er medvitne om at det i NTO-statistikken ikkje finst nokon klar definisjon på omgrepet «produksjon». Dei ulike teatra legg ulikt innhald i det. Det Norske Teatret har valt å nytte *prosjektnummer* som definisjon. Det vil seie at det er samsvar mellom kategoriane i budsjett/rekneskap og produksjonsstatistikken. Einskildkonsertar under namnet *Bikubekveld* blir til dømes ikkje rekna som sjølvstendige produksjonar, men blir sett på som framsyningar under produksjonen *Bikubekveld*.

I vanleg språkbruk er «ein produksjon» å forstå som ei «fullverdig oppsetjing». Slike kan også variere i storleik og omfang. Men likevel er vi stort sett einige om korleis vi tel. Ein produksjon slik forstått er basert på tekst i ei eller anna form, han har ein regissør/regi, 6 - 8 vekers prøvetid og ein speleperiode. Etter denne definisjonen hadde Det Norske Teatret i 2013 tjuuein nye produksjonar. Desse 21 premièrane utgjer, saman med produksjonane som framleis står på plakaten, teatret sitt repertoar. Talet på nyproduksjonar kan seie noko om kva teatret driv på med «på dagtid». Det er òg eit viktig uttrykk for produktiviteten og den kunstnarlege verksemda. I 2010 var talet på eigne nyproduksjonar 13, i 2013 var det 21. Veksten har først og fremst kome på Scene 3. I 2010 gjaldt framleis styret sitt vedtak om at det på Prøvesalen berre skulle vere gjestespel og samproduksjonar. I 2011 var det 8 premierar på Scene 3, i 2012 og 2013 var talet 9. Det er først og fremst på Scene 3 at veksten i oppsetjingar har kome. Som vi såg i 1.2. kom det ein tydeleg vekst i talet på framsyningar samstundes. Som vi vil sjå under mål 3, har vi òg registrert ein monaleg publikumsauke på denne scenen.

*«Det er viktig å hugse på at Det Norske Teatret er i ei særstilling blant teatra i Noreg. Det er det einaste store teatret som har eit føremål utover å skape godt teater. Teatret har eit språkpolitisk «oppdrag». Dette har prega teatret i hundre år, og gjer at ein i særleg grad er oppteken av breidda i repertoaret.»*

### 2.3.

#### Teatret sin analyse og vurdering ut frå tabellen over.

Talet under 2.1.1 syner ein tydeleg vekst, frå 31 til 50 produksjonar i same periode. (her forstått som prosjekt i rekneskapen) Her blir alle slags aktivitetar tekne med – gjestespel, *Lunsj og lyrikk*, *Bikubekveldar*, *Baksnakk*, og stykke som har blitt ståande på repertoaret.

Det vil alltid vere ein balansegang mellom det å produsere nytt og det å halde framsyningar gåande. Det Norske Teatret har dei siste åra valt å auke talet på premierar samstundes som repertoarspel er blitt regelen. Slik kan ein skape nytt og variert og likevel syte for at publikum har betre høve til å få med seg framsyningane. Eit stort tal eigenproduksjonar syner at ein er mindre avhengig av den einkilde oppsetjing a. Den kunstnarlege nysatsinga har vore sterk på Scene 3, og nett denne scenen har fått ei høg stjerne hjå kritikarane. Dei legg vekt på at ein her ser gode skodespelarar i arbeid med kvalitetstekstar og med gode regissørar.

Det er viktig å hugse på at Det Norske Teatret er i ei særstilling blant teatra i Noreg. Det er det einaste store teatret som har eit føremål utover å skape godt teater. Teatret har eit språkpolitisk «oppdrag». Dette har prega teatret i hundre år, og gjer at ein i særleg grad er oppteken av breidda i repertoaret. Dette inneber at vi kjenner eit ansvar for alle delar av scenekunsten - frå store spektakulære musikalar, via klassikarar og internasjonal samtidsdramatikk til ny nynorsk dramatikk og formeksperiment. Vi ønskjer ikkje å velje bort noko av dette.

### 2.4.

#### Korleis har teatret arbeidd den siste fireårsperioden for å utvikle ny norsk dramatikk?

I åra 2010, 2011, 2012, 2013 spelte Det Norske Teatret 31 ulike oppsetjingar av norske dramatikarar. (Sjå detaljert liste i eige vedlegg. Her er ikkje dei 24 urpremièrane i DUS festivalen rekna med). Av dei 31 produksjonane var 27 framsyningar urframføringar. Av desse var 15 eigenproduksjonar (12 urpremierar), 8 samarbeidsproduksjonar og 8 gjestespel. I tillegg til dette har DNT vore ein vesentleg bidragsytar i DUS-festivalen desse fire åra og i utviklinga av 6 nye norske stykke for barn og ungdom (sjå vedlegget).

Det Norske Teatret har vore oppteke av å styrka samarbeidet med norske dramatikarar og å skape ein kontinuitet i samarbeidet, noko som har resultert i fire nye stykke og framsyningar.

Opne stykkekontraktar med forfattarar/dramatikarar som Maria Tryti Vennerød, Carl Frode Tiller, Olaug Nilssen, Gyrid Axe Øvsteng har resultert i fleire nye titlar av desse. Dramaturgiatet spelar ei vesentleg rolle som rådgjevarar og konsulentar undervegs i sjølve skriveprosessen og i arbeidet fram mot framsyninga. (Sjå eigen omtale av dramaturgiatet seinare) Det er òg verdt å nemne at teatret spelar ei aktiv rolle i utviklinga av samarbeidsproduksjonane som t.d. Herborg Kråkeviks *Kjære landsmenn*, som tok godt for seg av Komiprisar i 2012. Bibelen var ei storsatsing på alle måtar for DNT. Her nytta teatret høve til å arbeide med både etablerte dramatikarar som Maria Tryti Vennerød, Cecilie Løveid og Terje Nordby og å satse på dramatikarar i etableringsfasen som Ari Behn og Eirik Fauske. Arbeidet med tekstar til *Bibelen* kan karakteriserast som eit kollektivt dramatikkprosjekt og har gitt fleire viktige impulsar til teatrets vidare arbeid med prosjekt som vil femne fleire samtidsdramatikarar i tida som kjem.

Dramaturgiatet står i god dialog med Dramatikkens Hus, og det har òg vore involvert i prosjekt i samband med dramatikkutdanning i regi av Barnebokinstituttet.

Ein viser elles til eige vedlegg for liste over ny norsk dramatikk produsert ved Det Norske Teatret dei siste fire åra. Her er reine dramatiseringar ikkje tekne med.

## 2.5

### Korleis reflekterer teatret om tilhøvet mellom utvikling/fornyning og publikumssuksess?

Teater er ein kunststart med ein særleg relasjon til tradisjonen. Kunstverket er ei hending i tid og rom. Når framsyninga er slutt er ho alt blitt historie. Fortida blir gjerne hugsa betre enn ho var. Det er slik mytar blir til, og summen av minna og mytane skaper tradisjonen. Teatret er avhengig av tradisjon i møtet med publikum. Tradisjonen representerer forventningane. Det ligg noko paradoksalt i dette. Publikum har ein tendens til konservatisme. Dei er skeptiske til det som er nytt og annleis. Likevel er utvikling og fornying ein føresetnad for publikumssuksess. For dei legg jo merke til at teatret stagnerer, når det ikkje strekker seg eller overraskar. Så tradisjonen skal ein nokre gonger leve opp til, andre gonger skal ein overraske og nokre gonger skal ein bryte t blir med det folk ventar seg.

Utvikling og fornying er ein føresetnad for publikumssuksess. Det er ikkje nok å lage ei god framsyning. Ho må bli tilført noko meir, eit avtrykk eller ein signatur frå vår eiga tid. For å få dette til må ein møte nye generasjonar. Det Norske Teatret har lukkast med å bli ungdomens teater. Gjennom til dømes oppsetjingane *Jungelboka* og *Jesus Christ Superstar* klarte vi å nå fram til den gruppa som norsk teater ikkje alltid har vore like oppteken av – dei som er for gamle for barneteater og for unge til det «vanlege» repertoaret. I andre kunstarter som musikk og film, er det nett denne gruppa ein stort sett siktar seg inn på. Det er viktig å nå dei unge menneske fordi det kan vere ein strategi for å finne denne signaturen som heiter «vår tid». Det blir jo gjerne òg fødd ein estetikk i møtet med unge menneske, ein estetikk som peiker ut over denne målgruppa. Dei unge *uttrykker* ofte samtida.

Det er viktig å nå ungdomen av ein annan grunn òg. Dei er i den alderen då dei dannar haldningar – til seg sjølv og andre, til samfunnet og til det å gå på teater. Å bli ungdomens teater gjer òg språkoppdraget meir relevant og viktig.

Fornyng føreset ei medviten haldning til tradisjonen. Ein skal vite når ein skal ri på han han, og når ein skal bryte med han. Ikkje minst er det viktig for eit teater som kallar seg Det Norske Teatret. Kva vil det seie å vere norsk i dag? Vi treng ein dialog med dei store gruppene av menneske som bur i landet vårt, men som har eit anna kulturelt opphav. Her treng teatret å fornye seg, òg for å komme denne publikumsgruppa i tale. Skodespelarutdanninga vår, Det Multinorske, er uttrykk for ønsket om å gjere menneskebildet på scenen meir representativ og for å opne opp for fleire og andre historier om den norske røyndomen.

Teatret sjølv utviklar seg òg. Dramaturgi, spelestilar, estetikk, teknologi. Brot på tradisjonen her, føreset òg at publikum blir med på ferda. Publikum må òg utviklast. Dei må lære seg å kunne sjå mange slags former for teater, dei må kjenne fleire spelereglar, dei må trene fantasi og evna til å ville la seg overraske.

Det Norske Teatret har tre scenar. Hovudscenen, Scene 2 og Scene 3. I tillegg til desse sceneromma har teatret etablert ein kafé-/kabaretszene i foajéområdet – Bikuben. Det er naudsynt at det blir reflektert over eigenarten til dei ulike scenane når vi skal diskutere fornying og publikumsbesøk.

**Hovudscenen** har plass til 737 menneske, (men er utstyrt med ein vegg som kan senkast ned og gi ein heilt annan intimitet, om lag 450 plassar). Det er denne scenen som dreg det store publikummet, og det er Hovudscenen som syter for størsteparten av billettinntektene. Det er kanskje derfor ein lett kan tenkje på Hovudscenen som staden med minst rom for fornying. Men om ein aukar talet på produksjonar i repertoar, blir risikoen mindre. Og det er nett det teatret har gjort. 6 titlar skulle dekke Hovudscenen i 2010. Viss vi tar utgangspunkt i snittet på årlege framsyningar i evalueringsperioden (220) måtte kvar framsyning i gjennomsnitt gå 37 gonger. I 2013 var talet på titlar på Hovudscenen 11, og kvar oppsetjing måtte i snitt gå 20 gonger. Dette enkle reknestykket syner korleis repertoarspel reduserer risiko. Dess fleire titlar som blir spelte, dess mindre avhengig er ein i å lukkast kvar gong. Denne reduserte risikoen gjer det mogleg for teatret å tenkje *mindre kommersielt* og bli meir nyskapande, også på Hovudscenen.

Eigeninntekta frå **Scene 2** er låg samanlikna med hovudscenen. I 2012 utgjorde billettinntektene herifrå 9% av totalt billettsal. Besøket på Scene 2 har altså lite å seie for økonomien i teatret, men publikumskapasiteten er på rundt to hundre. Det betyr at ein til ein viss grad må ta omsyn til besøket. Om ikkje anna så for publikums skuld. Låg eigeninntekt gjer at ein likevel kan ta risiko. Scene 2 blir såleis ein viktig arena for å fornye teatret. Det går årleg rundt 25 – 30 000 menneske på Scene 2 (om lag som eit middels norsk regionteater). Her kan ein sjå klassisk litterært teater, ny norsk dramatik, meir intimt barneteater, europeisk samtidsdramatik. Scene 2 er ein stad der publikum kan utviklast. Her er den økonomiske risikoen låg, og dei teatrele mulegheitene mange.

**Scene 3** har etter nyetableringa blitt ein stor kunstnarleg suksess. Her er det laga eit sett reglar som alle som arbeider der, må rette seg etter. Mellom anna er det ikkje høve til å få bygd scenografi på verkstadane. Ein har måtta nøye seg med element frå lager. Dette gjeld òg kostyme. Prøvetida er to veker kortare enn normalt, og teknikkressursane er avgrensa. Ein har vore oppteken av at oppsetjingane på denne scenen skulle ha skodespelarane i sentrum saman med ein god tekst. Her er i praksis ingen innteningskrav og stor kunstnarleg fridom. I 2012 utgjorde billettinntektene herifrå knappe 2% av totalen.

Det er særleg på Scene 3 at teatret har dyrka fornyinga. Det kan ein gjere fordi den økonomiske risikoen er bortimot fråverande, og fordi satsinga er medviten og repertoarvala kresne. I 2013 fekk denne scenen heile seks Hedda-nominasjonar og ein pris. Teatret ser for seg at framsyningar frå Scene 3 lett kann flyttast til andre scenar, særleg til Scene 2, og sendast på turné. Dette er mogleg fordi det scenografiske og dei tekniske krava er reduserte til eit minimum. Her er det ein god tekst, gode skodespelarar og regissørar det handlar om.

Tradisjonelt har det vore sik at det er på dei små scenane ein har kunna dyrke det ambisiøse kunstnarlege teatret. Hovudscenen, med den store risikoen, har derfor ofte blitt esla til reindyrka «mainstream»-teater. Dette blir forsterka av at ein her i landet oftast har spelt «en suite». Med eit tilstrekkeleg tal på oppsetjingar i repertoar kan ein bryte med slike vanar og våge å eksperimentere meir. Ein må sjølvstøtt tenkje på publikumsoppslutning, og ein kan ikkje bomme for mykje, men realiteten er at ein får større fridom og kan ta større kunstnarlege sjansar. Den mobile veggen på Hovudscenen gjer at vi òg kan syte for at storleiken på salen ikkje verker negativt inn på den kunstnarlege opplevinga. Framsyninga *Abrahams barn* er eit godt døme. Repertoarspel opnar for at ein kan nytte den store Hovudscenen og hovudsceneestetikk- og format på såkalla smalare stoff.

Det Norske Teatret har òg vore opptekte av å utforske ulike format på dei ulike scenane. *Bibelen* varte i seks timar på Hovudscenen. Kva gjer det med publikum og aktørar når framsyninga blir så lang? Ein kan kanskje seie at framsyninga får karakter av å vere ei storhending. Alle som er til stades har kjensla av å vere med på noko heilt eineståande. Tida som går gjer at ein òg kanskje lever seg ekstra godt inn i stoffet. Teatret spelte *Bibelen* både som ei samanhengande og som to framsyningar. Det var den lange publikum ville sjå. Dei ville sitje i seks timar. Teatret kjem til å halde fram med å lage teater av denne typen. Det må ikkje skje på Hovudscenen, men det kan kanskje vere ein måte å fornye det store formatet, dyrke det fellesskapet som ei god teaterframsyning er: Mange menneske som saman opplever noko viktig saman.

## 2.6

### **Korleis arbeider teatret med eignevaluering som ein del av den ordinære verksemda, eventuelt òg i styresamheng.**

Teatret arbeider kontinuerleg med evaluering av dei einskilde prosjekta som ein del av prosjektstyringa ved teatret.

Det er ikkje mange arbeidsplassar som blir evaluert så ofte som eit teater. Mykje av det skjer i pressa. Publikum gjer det kvar dag. Dei vurderer, dei likar, dei mislikar, dei går heim begeistra og snakkar varmt om ei framsyning og får arbeidskollegaer til å gå og sjå, eller dei seier til venene sine at den framsyninga kan ein berre gløyme. Teaterkunstnarar er vane med å bli vurdert. Det er ein eksistensiell dimensjon ved skodespelaryrket. Det er fargerikt og fantastisk ute på scenen, men det er òg farleg og forbunde med angst. Evaluering er derfor noko som ofte er kjenslevart.

Det går føre seg eignevalueringar i teatret heile tida. Noko av denne evalueringa blir uttrykt direkte, andre delar går føre seg i meir lukka fora: mellom teatersjef og kunstnarleg team, i dramaturgiatet, i Kunstnarleg råd, på dei kunstnarlege vekemøta.

Dei kunstnarlege vekemøta er etablert for at teatersjef og den kunstnarlege leiinga ved teatret skal ha kontakt med dei einskilde produksjonane til ei kvar tid. Dette gjeld både dei produksjonane som er i prøver og dei som blir spelte. Desse møta har vist seg nyttige når det gjeld å fange opp erfaring frå scenane.

Teatersjefen har minst to årlege samtalar med kva einskild skodespelar om den kunstnarlege utviklinga. Slike samtalar kan òg gå føre seg på andre tidspunkt, gjerne i samband med kunngjering av rollelister eller i løpet av ein prøveperiode. Regissørar fører òg ofte slike samtalar med skodespelarane i dei ulike oppsetjingane. Kvar oppsetjing har ein dramaturg som følgjer forarbeid og prøver. Dei fungerer som bindeledd mellom teatret og den einskilde produksjonen. Dramaturgen er med på å sikre at intensjonar, konsept og slikt blir følgd. I nokre tilfelle må teatersjefen varslast, slik at kursen kan leggest om.

Eigne evalueringsmøte med alle medverkande på dei ulike produksjonane blir ikkje gjennomført ved Det Norske Teatret. Det er eit medvite val. Slike store evalueringsmøte blir altfor ofte emosjonelle og fulle av ulike former for sjølvforsvar – særleg i dei tilfelle ein kan ha særleg utbytte av læring, nemleg når noko har gått gale. Ordninga med Kunstnarlege vekemøte synst å ta vare på dei behova ein har til å lufte problematiske sider ved ein produksjon, anten produksjonen er i ein tidleg fase eller han er i speleperioden.

I andre delar av verksemda går evalueringsarbeidet meir «normalt» føre seg. Større systemforandringar og prosedyrar er oppe til evaluering og justering med jamne mellomrom. Eksempel på dette er Scene 3-reglane som vart gjennomgått og evaluert etter eit år. Teknisk avdeling, produksjon- og planavdelinga og leiinga deltok òg i dette arbeidet. I tillegg kom dei som arbeidde på Scene 3. Resultatet vart ei justering av reglementet og innføring av eigen inspisient på scenen. I tillegg vart ein samde om ei viss kompetansedreining av dei tekniske ressursane på scenen. Scene 3 vart bemanna med teknikarar frå lysavdelinga i staden for sceneavdelinga.

Tilsvarende evalueringsprosess vart gjennomført etter eit år med innføring av repertoarspel. Teatret gjennomførte ei evaluering der alle tekniske avdelingar, produksjon- og plan, kommunikasjonsavdelinga og drifts-avdelinga var involvert. Evalueringa vart samanfatta i eit skriv som danna grunnlaget for ein vidare diskusjon i styret. Fleire tiltak vart gjennomførte og den langsiktige investeringsplanen vart endra i tråd med konklusjonane frå evalueringsarbeidet.

Andre viktige prosessar har mellom anna vore innføring av meir omfattande HMT prosedyrar og evaluering og endring av prosjektstyringsmodellen. Styret gjennomfører årlege evalueringar av sitt arbeid.

*«Det er særleg på Scene 3 at teatret har dyrka fornyinga. Det kan ein gjere fordi den økonomiske risikoen er bortimot fråverande, og fordi satsinga er medviten og repertoarvala kresne. I 2013 fekk denne scenen heile seks Hedda-nominasjonar og ein pris.»*



## 2.7.1

### **Kva vil de med teatret? Kva for kunstnarlege visjonar har de for teatret? Kva er avgjerande for repertoarprofilen?**

Teatret som kunstart har alltid vore oppteke av dei menneskelege grunnvilkåra med ulik vekt på samfunnskreftene som styrer oss, menneskets åndelege og metafysiske søking og dei psykologiske drivkreftene. Dette gjeld sjølvsagt òg for Det Norske Teatret, som i tillegg har si særeigne historie i den norske kulturstriden som ballast. Dette kjem òg til uttrykk i teatrets korthogne visjon: Det Norske Teatret skal ta med seg fortida inn i notida til eit modig møte med framtida.

Ei medviten satsing dei siste åra, som vi òg vil føra vidare er å gi plass og ikkje minst ta oss tid til refleksjonar over dei store forteljningane i vår kultur. Dette trur vi folk lengtar etter, og dagens teater treng på si side ei slik fordjuping for å hegna om sine grunnverdiar mot medie- og underhaldningsjaget. I repertoaret vårt kjem dette klårt til uttrykk i den store satsinga på *Bibelen*, som vi spelte i to utgåver, samla eller Det gamle testamentet for seg, og Det nye for seg. Publikum sa klårt frå kva dei meinte om dette valet. Det var den lange varianten på bortimot 6 timar som samla det største publikumet. Mange ulike forfattarar leverte sine overskrivingar og bibelforteljingar som både attfortalde og utfordra bibeltekstane. Framsyninga skapte debatt og stor interesse. Vi kjem til å følge opp dette vellukka prosjektet med to nye i åra som kjem over tema som Eddadikta og 2. verdskrigen. Arbeidet er alt godt i gang. Ei anna framsyning, litt i same gata er *Abrahams barn*, Svein Tindbergs monolog om sitt møte med kanskje det viktigaste kulturmøtet i vår tid, møtet mellom dei store religionane, konfliktstoff som likevel har så mykje felles. Andre døme på klassikarar som på kvar sine måtar og i heilt ulike formspråk har løfta fram det store spørsmålet om kva det er å vere eit menneske er *Unge Werthers lidingar*, *Sorga kler Elektra*, *Jungelboka*, *Faust*, og no sist *Fedra*.

Ei anna viktig satsing som vi ønskjer skal prege teatret òg i framtida, er satsinga på eit ungt publikum. Det er heilt avgjerande for teatret å ikkje berre bli ein fritidssyssele for ein velfødd middelklasse. *Jungelboka* er alt nemnt, den internasjonale samproduksjonen *Ik/Eg/I*, som leika med ulike språk og den gamle myten om Ekko og Narcissus er eit anna vellukka døme, *Fuck my life*, ei sterk sceneforteljing bygd opp av ungdommars eigne forteljingar, fortalt av ungdommane sjølve, endå eit. I det meir storslagne hovudsceneformatet er det klart at den respektløse bibelmusikalen *Jesus Christ Superstar* òg hadde eit godt tak på ungdommen, ikkje minst på grunn av hovudrolla.

Heilt avgjerande for eit teater med vår språkpolitiske bakgrunn og profil er det å skape nytt teater bore fram av nynorske forfattarar. Det Norske Teatret har i dag landets største dramaturgiat, som legg ned eit stort arbeid på dette området. Av nye, vellukka titlar dei siste åra nemner vi *Stort og stygt* av Olaug Nilssen, 5 årstider av Maria Tryti Vennerød, som òg var ein av dei mest aktive forfattarane i *Bibelen*, *Gjøglaren* av Gyri Axe Øvsteng. Desse forfattarane arbeider vi vidare med, og elles kjem det opp stykke av både Kristin Auestad Danielsen og Carl Frode Tiller dei neste sesongane.

To viktige stykke kan vere døme på eit samfunnsengasjert og kritisk blick på samtida, børskrakk-stykket *Enron* og i repertoaret no den sveitsiske dramatikaren Lukas Bärfuss' avslørande og burleske sceneforteljing om Sveits si rolle under 2. verdskrigen i *20000 sider*.

Heilt grunnleggande i teatrets profil og visjon om eit breitt folkeleg teater står musikkteatret. Her finst det òg klassikarar som folk bør få oppleve, men like viktig er det å leite etter nytt stoff, slik vi gjorde med suksessen *Next to normal* og i barnemusikalen *Felix fantastiske orkester*. Teatret vil halde oppe tradisjonen med å lage musikkteater på norske historier, slik Are Kalvø gjorde med sin fotballopera *Norge-Brasil*. Nett denne produksjonen er eit godt døme på at teatret av og til slost mot seige sjangerfordommar, i dette tilfelle både mot fotball og opera. Tankevekkjande og ei magisteroppgåve verdig.

Den viktigaste barrieren teatret har å hanskast med er at smaken er konservativ, publikum søker ofte det kjende, merkevarerne og må ha mykje mediehjelp for å våge seg på nytt og ukjend stoff. Her må teatret slost på to frontar, både mot manglande interesse i media og mot eigne lyster til å legge seg flat for dette presset.

Den vesle biscenen vår i publikumsområdet, Bikuben, har elles vorte ein viktig arena for kunstnarleg overskot i eit ungt og kreativt ensemble. Fredagskveldane tar til å bli innarbeidd som ein friplass og *Lunsj og Lyrikk*, vårt poetiske flaggskip har sitt trufaste publikum som no har akseptert flyttinga ein etasje opp.

### 2.7.2

#### **Kva gjer de for å halde oppe og styrkje engasjementet innanfor teatret?**

Teatret er oppteke av brei kunstnarleg deltaking. I tillegg til vekevis dramaturgmøte og kvartalsvise kunstnarlege råd har vi innført andre tiltak for deltaking. Kvart år kjem alle kunstnarleg tilsette saman til eit to-dagars seminar på Jeløya. Der blir repertoaret lagt fram, og det er faglege innleiingar og diskusjonar både med interne og eksterne innleiarar. Vidare har vi innført eit *Kunstnarleg vekemøte*. Kvar fredag samlar teatersjefen ein representant for kvar produksjon saman med dramaturgar og inspisientar til ein samtale om status i kvar einiskild produksjon. (Sjå 2.6. og vedlegg) Kunstnarleg vekemøte har utvikla seg til å bli eit viktig og godt møte. Her får teatersjefen ei oppdatering om korleis produksjonane går, og ein møtest får innblikk i kolleganes utfordringar. Det fører ofte til viktige faglege diskusjonar ut frå no-situasjonen, og skaper eit kunstnarleg fellesskap utover den einiskilde produksjonen.

### 2.7.3

#### **Kva gjer de på teatret for å halde oppe og styrkje engasjementet ut mot omverda?**

Det Norske Teatret er ein aktiv samarbeidspartnar for mange andre aktørar på feltet. Vi reiser på turnear og gjestespel, både innanlands og utanlands, og vi er ein arena for andre som ønskjer å vise seg fram i hovudstaden. Beivvas Sami Theater og Statsteatret har hatt årvisse framsyningar her, og vi samarbeider med fleire frigrupper på grunnlag av førespurnader. Døme på slikt samarbeid dei siste åra er framsyningane *Dei Ugudelege* med gruppa Asklepios Hane, *Kjære Landsmenn* ved Herborg Kråkevik, og *Fuck My Life* med POS (Per Olav Sørensen) Theatre Company. Vi har òg ein avtale med dei to andre nynorskteatra, Hordaland Teater og Sogn og Fjordane teater, om samproduksjonar og utveksling av produksjonar. I jubileumsåret vårt 2013 kom dette til uttrykk i produksjonen *Ein god dag kjem aldri for tidleg*, som vart spelt i nedslagsfeltet for alle tre teatra. DNT er elles den administrative hovudbasen for det landsomfattande ungdomsteater-prosjektet DUS Den Unge Scenen, og arrangerer annakvart år den nasjonale festivalen i dette prosjektet for grupper frå heile landet.

Utanom vår eiga meir avgrensa turneverksemd har vi jamleg samarbeid med Riksteatret, og særleg det siste året, da vi var Riksteatrets samarbeidsteater med produksjonane *Abrahams barn*, *Bikubesong* og *Mens vi ventar på Godot*.

DNT er vidare medlem i det europeiske teaternettverket ETC (European Theatre Convention), ei samanslutning av rundt 45 europeiske teater frå meir enn 25 land. I dette nettverket har vi dei siste åra samprodusert to oppsetjingar for barn og unge i det EU-støtta prosjektet Young Europe I og II.

I 2011, *The Island/Øya*, saman med Nottingham Playhouse, eit klasseromstykke basert på ei australsk barnebok, og i 2013 ungdomsstykket *Ik/Eg/I*, saman med Toneelmakerij Amsterdam, eit fleirspråkleg ungdomsstykke. Begge desse produksjonane vart utveksla. Elles har vi nett etablert eit samarbeid med det anerkjente Thalia Theater i Hamburg og den belgiske stjerneregissøren Luk Perceval, om ein større samproduksjon.

Teatret får mange førespurnader frå viktige internasjonale teater og teaterfestivalar om gjestespel. Dessverre må vi alt for ofte takke nei til slike førespurnader på grunn av manglande ressursar. Noreg manglar ei skikkeleg støtteordning for vising av kunstnarleg viktige teaterproduksjonar i utlandet. Teatret har ambisjonar om å reise meir på gjestespel i utlandet og å få vist fleire av dei beste framsyningane sine til publikum over heile landet. Det Norske Teatret er eigd av lag og foreiningar over heile landet, mållag og ungdomslag. Det er naturleg at teatret samarbeider med desse i tillegg til etablerte region- og landsdelsscenar om turneverksemd.

Ei sentral målsetjing i norsk scenekunstopolitikk er tilgang til eit godt utbygd profesjonelt teatertilbod, same kor du bur i landet. Det Norske Teatret vil ta ansvar for at viktige delar av dette tilbodet er på nynorsk, at vi på vår måte kan vere med på å «snu» flyttestraumen, at nynorsken òg flyttar ut av hovudstaden, ikkje berre inn i. Diskusjonen om vår tospråklege situasjon blir alt for ofte negativt vinkla og gjort til ein diskusjon om eksamensordningar, ikkje om språkrikdom og uttrykksvariasjon. Det Norske Teatret tar mål av seg til å bli eit senter for positive språkoplevingar. Saman med Det Norske Samlaget planlegg vi å utvikle eit pedagogisk opplegg der elevar både i grunnskolen og i vidaregåande skolar får møte språket, skjønnlitteraturen og den rike teaterlitteraturen i kunstnarlege samanhengar, i direkte møte med skodespelarar og forfattarar, på ein slik måte at det gir næring og lyst til å lære meir. Vi har gode røynsler med dette både i kontakt med einskildskular og gjennom det landsomfattande ungdomsteaterprosjektet DUS, Den unge scenen, finansiert gjennom Norsk Kulturråd.

#### 2.7.4

### Kva for kunstnarlege sjangrar og aktivitetar satsar de på?

#### Musikalar

Det Norske Teatret er det moderne musikkteatrets vogge i Noreg. Syngespel som Aasens Ervingen stod på repertoaret frå første stund, men særleg sidan *Oklahoma* flytta heim att i 1949 har teatret utvikla seg til et musikkteater i verdsklasse. Denne satsinga har vore avgjerande for teatrets suksess og profil, og er noko heile teatret er stolte av. Teatret satsar hardt på å utvikle musikkteatret vidare ved å skape nytt musikkteater. Til dømes vart to så ulike musikkteaterframsyningar som barne- og ungdomsframsyninga *Felix Fantastiske Orkester* og fotballoperaen *Norge-Brasil* produserte i 2012, fleire er på trappene.

Teatret legg vekt på å leike med nye uttrykk og dermed utfordre publikum slik ein til dømes har gjort det i *Shockheaded Peter*. Vi har òg eit ansvar for å presentere klassikarane i genren slik at nye generasjonar får møte dei. Men når vi spelar ein klassikar, fornyar vi han alltid. Tida for såkalla replika-produksjonar (med ferdig regi, koreografi og scenografi) er forbi.

#### Ny nynorsk dramatik.

Det Norske Teatret kjenner eit stort ansvar for at det blir skriva ny dramatik på nynorsk. Teatret har òg ei forvaltingsoppgåve når det gjeld heile den nynorske litterære arven. Dette er ei oppgåve som omfattar mykje meir enn den reine skodespellitteraturen. Det har derfor vore naturleg å dramatisere hovudverk i nynorsk litteratur.

#### Klassikarar

Det Norske Teatret vil halde fram med å spele dei store klassikarane i verdsdramatikken. Teatret har ein lang tradisjon i å føre opp kanoniske verk i nynorsk språkdrakt. Fleire hovudverk i verdslitteraturen har vore omsett i samband med oppføringar på nynorskscenen. Shakespeare, Aiskylos, Moliere, Racine, Goethe og Brecht er berre nokre døme. Og for mange av desse klassikarane finst det ikkje andre omsetjingar til norsk og særleg ikkje til nynorsk enn dei som er gjort ved Det Norske Teatret.

#### Internasjonal samtidsdramatik

Teatret satsar medvite på å følgje godt med i den internasjonale samtidsdramatikken. Ofte finn ein utanlandske stykke som maktar å ta samtida på pulsen. Nye samtidsstykke er med på å opne opp for impulsar både tematisk og formalt. Norsk teater har tradisjonelt stått i ein psykologisk-realistisk tradisjon. Mykje av den internasjonale samtidsdramatikken bryt med konvensjonane frå ei slik teaterform. Å la slike stykke bli spelt er med på å utvikle både teaterfolk og publikum, og utvidar omgrepet for kva teater er.

#### Barneteater

Det Norske Teatret har ein intensjon om å fornye teatret for barn. Dette er framtidens teaterpublikum, og dei har eit like stort behov for å bli utfordra som vaksne har. Derfor er det i all hovudsak utvikling av nytt stoff som har vore viktig for Det Norske Teatret, ikkje nyoppsetjingar av kjende klassikarar. Heile teatret er oppteke av å lukkast med desse satsingane. Det er ei krevjande øving å skape nytt i ein marknad som fløymer over av kjende titlar. Hausten 2013 måtte vår *Tonje Glimmerdal* konkurrere med både *Pippi*, *Annie*, *Ronja* og *Jul i Blåfjell*.

Teatret kjem òg til å lage teater for barn i mindre format på Scene 2, slik vi har gjort i evalueringsperioden.

### 2.7.5.

#### **Kompetanse: kunstnarleg, leiing og formidling**

Det Norske Teatret har i dag eit godt samansett skodespelarensemble ved teatret. Ensemblet består av ein kjerne av fast tilsette skodespelarar i tillegg til skodespelarar på åremål og kortare kontraktar. Skodespelarane utfyller kvarandre bra når det gjeld kjønn, alder og fagleg kompetanse. Teatret har den beste musikalske kompetansen og skodespelarar med brei skodespelarfagleg røynsle frå tunge dramatiske ferdigheiter til komiske talent.

Vi ser at Det Norske Teatret er ein attraktiv arbeidsplass ved at dei beste skodespelarane i landet ønskjer å arbeide her.

Når ein skal leie skodespelarar er det ein fordel å ha instruktørrøynsle, eiga røynsle som skodespelar kjem òg godt med, i tillegg til røynsle som leiar for teaterverksemd. Teatersjefen tør å ta tøffe avgjerder til beste for det kunstnarlege sluttproduktet.

Teatret rår over det beste ensemble i landet, særleg er den yngre delen av ensemblet kraftig styrkt i evalueringsperioden.

Teatret har god og utfyllande kompetanse på alle felt. Medarbeidarundersøkingar syner at dei tilsette trivst og er stolte av teatret. Alle fagfelt ønskjer å yte sitt beste for sluttproduktet. Gjestande kunstnarar melder om at alle avdelingar er på tilbydarsida og leverer på høgste faglege nivå. Den gode tekniske kompetansen saman med sterk lag-kjensle er avgjerande for den høge kvaliteten på dei sceniske produksjonane.

Teatret prioriterer midlar til fagleg oppdatering. Vi har gjennomført fleire program for å styrke leiarar med personalansvar og alle tilsette kan søkje om støtte til kurs og fagleg oppdatering. Teatret er eit av fleire teater som har vore initiativtakarar til prosjektet Teknisk kompetanseutvikling i Skandinavia der vi kartlegg kompetansen, set kopetansekrav og vidareformidlar kompetanse internt i det einskilde teatret og mellom teatra.

I leiinga har teatret høg teaterfagleg kompetanse i tillegg til høg kompetanse innan administrasjon, leiing, økonomi, personal, drift, teknikk, plan, marknadsføring og informasjon. Styret supplerer desse røynsleane med kompetanse innan politikk, jus, økonomi, prosjektleiing og leiing av andre typar kulturorganisasjonar. Vi har eit fagleg sterkt styre som har den rette bakgrunnen for å ta viktige strategiske avgjerder på vegne av teatret.

Formidlingsfeltet er eit område der Det Norske Teatret truleg har satsa sterkare enn andre teater i Noreg. Vi har ein eigen tilsett med høg kulturfagleg og pedagogisk kompetanse som berre arbeider for å legge til rette aktivitetar mot skuleverket. Teatret har ei informasjonsavdeling med fagleg sterke medarbeidarar som forstår teater og veit korleis dei skal få informasjon ut i pressa. Informasjonsavdelinga saman med dramaturgane ved teatret har ansvaret for eit breitt sideprogram med uformelle publikumstreff med diskusjonar, tematisk fordjuping og kunstnarmøte. Føremålet er å gi publikum bakgrunn og ei rikare teateroppleving. Det er ein del av oppdraget til teatret å gjere repertoaret meir tilgjengeleg og gi publikum auka innsikt i teatrets eigenart og i ulike teama som blir tekne opp i stykka. Teatret forsøker gjennom disuksjonane å setje repertoaret inn i ein aktuell samanheng.

I tillegg har vi Noregs største dramaturgiat med høgt kompetente dramaturgar og språkkonsulentar som følgjer opp arbeidet med nye dramatiske tekstar og produksjonane kunstnarleg i tillegg til å levere innhald til formidlingsarbeidet.

Dramaturgiatet er utvida frå to dramaturgar til fire frå 2012. Dette er ei medviten satsing som tar konsekvensen av den auka produksjonen og eit breiare kunstnarleg engasjement.

Vi trur at i åra framover blir innhaldet stadig viktigare, kva spelar vi og kvifor? Konkurransen om fritida er stor og krava til kvalitet blir skjerpa. Teatret treng derfor ein stadig pågåande diskusjon om dei vala som blir gjort. Dette gjeld den nye norske dramatikken, samtidsdramatikken og dei gamle stykka og ikkje minst teatrets rolle i det offentlege rommet. Dramaturgiatet har brei språkkompetanse og kan lese dramatikkk på engelsk, tysk, fransk og russisk i tillegg til skandinaviske språk. Teatret kan dermed halde seg godt orientert om europeisk samtidsdramatikkk. Teatret har ved fleire høve vore svært tidleg ute med samtidsstykke, no sist med «Tjue tusen sider» av den sveitsiske dramatikaren Lukas Bärfuss, som teatret òg skal samarbeide vidare med.

Ei gruppe nynorske dramatikarar er til ei kvar tid knytt til teatret med tingingsverk som blir utvikla i lag med dramaturgiatet. For tida er dette Carl Frode Tiller, Maria Tryti Vennerød, Kristin Auestad Danielsen og Olaug Nilsen. Dette utviklingsarbeidet gjer det mogleg å halde oppe eit høgt tal på urpremierar.

Dramaturgiatet møtest minst ein gong i veka. Annakvart møte skjer med teatersjefen til stades. Her blir dei siste lesefruktene diskutert, kunstnarlege spørsmål drøfta, situasjonen på dei ulike produksjonane, omsetjarar osv. Dramaturgiatet diskuterer òg hovudliner i den kunstnarlege utviklinga, framsyningar blir oppsummerte, framsyningar ved andre teater blir diskuterte, aktuelle regissørnamn eller scenografar. Dramaturgiatet freistar å gjennomføre systematiske lesingar av forfattarskap, genrar eller epokar. Dramaturgiatet prøver òg å få sett viktige oppsetjingar ved andre teater både i inn- og utland, både for å orientera seg om repertoar og om interessante instruktørar og scenografar.

Dramaturgane følgjer opp dei ulike produksjonane, gir råd og kommentarar til regissørar, men òg til teatersjef. Slik er dramaturgiatet med på å kvalitetssikre det sentrale i verksemda – det kunstnarlege arbeidet. Det at dramaturgane ved teatret utgjer eit kollegium gjer det òg mogleg å arbeide fram store prosjekt med lengre tidshorisont enn det som er vanleg. Satsinga «Bibelen» i 2013 er eit døme på dette. I åra som kjem vil det bli liknande store prosjekt som «Edda» og «Den andre verdskrigen». Slik langsiktig planlegging gjer òg fordjuping mogleg og nødvendig.

Dramaturgane samarbeider elles nært med kommunikasjonsavdelinga. Dramaturgane utarbeider «vaskesetlar» om dei ulike produksjonane, og saman med informasjonsavdelinga utgjer dramaturgane redaksjonen i magasinet «Bakteppet» og hovudsceneprogramma. Saman med informasjonsavdelinga har dramaturgane ansvar for «Baksnnakk», fordjupingsprogram som på ulike måtar er knytt til repertoaret.

Sjefdramaturgen har eit fast vekemøte med teatersjefen og han deltek òg på måndagsmøte med teatersjef, informasjonssjef, kommunikasjonsjef, plansjef og teknisk sjef. Sjefdramaturgen møter på «postmøta» om fredagane og på Kunstnarlege vekemøte. Det siste leier han i teatersjefens fråvær.

Teatret arbeider med å styrke salskompetansen i kommunikasjonsavdelinga etter ein periode med noko overvekt av informasjons og formidlingskompetanse i avdelinga. Utover dette kan vi ikkje seie at vi direkte saknar kompetanse ved teatret ut over at teatret har høg gjennomsnittsalder hjå dei tilsette. Teatret blir meir og meir teknologisert og det er lite rom for å tilsetje unge teknikarar med teknologisk kompetanse frå den «nye tidsalderen» når det er få stillingar som blir ledige.

## 2.7.6

### **KORLEIS SYNLEGGJER DE TEATRET SIN EIGENART?**

*Korleis formidlar de teatrets særeigne profil utan å gå på akkord med eigne teaterfaglege krav, og balanserer dette slik at publikum og omverda framleis kan møte teatret med positiv forventning? Strategiar, tiltak?*

Det Norske Teatret er ein stolt 100 åring med sterke tradisjonar. Den særeigne profilen heng nøye saman med historia til teatret. Dette historiske medvitet vart styrkt i jubileumsåret, noko teatret òg fekk formidla gjennom fleire arrangement knytt til den Bragenominerte 100-årshistoria Trass alt. Særleg utfordrarrolla og dei kulturelle motsetjingane er viktig i denne samanhengen, det å koma utanfrå og inn til byen, det å snu tradisjonalisme til modernitet, både i repertoar og teaterspråk.

Dette har teatret mynta ut i visjonen:

**«Det Norske Teatret skal ta med seg fortida inn i notida til eit modig møte med framtida.»**

Det Norske Teatret er ei merkevare som skal kommunisere kvalitet, kulturopen breidde og gjennom det skape lojalitet og tillit blant publikum. Dette skjer først og fremst gjennom repertoaret, som blir omtalt grundigare andre stader i denne rapporten. Men kort oppsummert i fem satsingsområde; ein klassikartradisjon med høg litterær kvalitet i omsetjingar, ei sterk og fornyande ungdomssatsing gjennom produksjonar som har makta å lokke eit markert yngre publikum til teatret, nyskrivne og nyskapande produksjonar for familie/barn, moderne, gjerne nyskrivne europeisk og norsk dramatik, og sist, men ikkje minst, ei medviten satsing på og vidareføring av musikkteatertradisjonen.

Ved sida av repertoaret har ei meir medviten og differensiert profilering av kvar einskild scene vore viktig for den samla profilen.

Det blir òg lagt ned mykje arbeid i to omfattande og påkosta utgåver av sesongmagasinet *Bakteppet*, ved sida av informasjons- og marknadsføringsmateriell for kvar einskild produksjon. I magasinet legg vi vekt på å gå i djupna på nokre viktige tema samstundes som viktige profilar både på og bak scenen får brei omtale.

I løpet av året arrangerer vi òg 10-12 *Baksnakk*, direkte møte mellom publikum og personar som kan utdjupe tema, innhald og kunstnarlege konsept. På Scene 3 arrangerer vi publikumsmøte i samtalar mellom instruktør og teatersjef/dramaturg.

Kvar sesong startar med eit grundig informasjonsmøte med publikumsvakter og personalet i billettluke, slik at dei skal vere best muleg skodde i møtet med publikum.

Gjennom ein heilskapleg kommunikasjon skal publikum straks oppfatte og kjenne att teatrets særpreg. Her er element som logo, grafisk profil og språkleg innhald og bodskap viktig. I årsskiftet 2012/2013 laga teatret ein ny visuell profil. Den visuelle profilen og logoen syner eit vitalt teater, med ein offensiv utfordrarposisjon klar for 100 nye år med fart og sjølvtilitt! Slagordet er henta frå den nyskapte sceneyndlingen Tonje Glimmerdal.

### Profilen består av:

- ny logo med og utan profilforma som er eit symbol på scenegolv
- eit yngre visuelt uttrykk, som samtidig står støtt med ein breial og «tjuk» typografi
- ein litt vågal fargepalett som rommar heile spekteret i eit teater
- og ein fleksibel bruk av logo og visuelle element

Profilen blei utarbeidd i samarbeid med teatrets hovudsponsor Making Waves som ein del av sponsor-samarbeidet, og alle faggrupper på teatret medverka i prosessen, i tillegg til eksterne interessantar. Profilen blir nytta på alle kommunikasjonsflater; både digitalt og på trykk.

All kommunikasjon frå Det Norske Teatret skal i størst mogleg grad samordnast slik at den blir oppfatta som heilskapleg av mottakaren. Dette er viktig for å bygge teatrets omdømme. Vi er dagleg i dialog med media for å synleggjere teatrets repertoar, gjere det journalistisk interessant, skape nye, uventa vinklingar og slik styrke appellen.

Det Norske Teatrets kommunikasjon skal vere med på å auke forståinga for teatrets kjerneverksemd, verdiar og idégrunnlag og såleis bidra til å trekke fleire besøkande og nye publikumsgrupper til teatret. Dette gjer vi ved å vere tilgjengelege, opne, fleksible og oppdaterte.

### 2.7.7

#### Kva for målgrupper har de?

Som det går fram av tala og det som er sagt om breidde i repertoaret ønskjer Det Norske Teatret eit stort og samansett publikum. Det er eit mål at så mange som mogleg finn noko av interesse på speleplanen. Over tid har kommunikasjonsavdelinga skaffa seg erfaring om kven ein kan vende seg til med dei ulike tilboda. Dette gjeld ulike genrar og former for teater, og det gjeld kva slags scene det blir spelt på. Utover desse gruppene har Det Norske Teatret tre målgrupper ein vel å vende seg særskilt til:

##### - Unge menneske

Det Norske Teatret ønskjer å vere ungdommen sitt teater. Det ønskjer vi av fleire grunnar, både kunstnarlege og kulturpolitiske. Det er òg språkpolitiske årsaker til at teatret satsar på barn og unge.

- Menneske med annan kulturbakgrunn. Fleire framsyningar har vore retta mot delar av befolkninga i Oslo som har ein annan bakgrunn enn norsk. For tida driv teatret ei eiga skodespelarutdanning for å rekruttere skodespelarar med anna hudfarge og kulturelt opphav.

##### - Seniorpublikum

Det Norske Teatret har eit godt tilbod òg for seniorar. Lunsj & lyrikk er eit gratistilbod på vekedagane til alle, men særleg retta mot seniorar. Dette er blitt ein fast møtestad for mange grupper. Det Norske Teatret tilbyr òg Matiné-program på fleire framsyningar. Dette er eit dag-tilbod for dei som ikkje har høve til å gå på teater om kvelden. Vi tilbyr ein eigen matiné-pakke med rabatterte prisar.

### 2.7.8.

#### Korleis heng ambisjonane saman med teatret sine økonomiske og fysiske rammer og krava i tilskotsbrevet For Det Norske Teatret har det aldri vore vankseleg å oppfylle krava i tilskotsbrevet.

Alle føringane som til dømes å oppføre ny norsk dramatik, dramatik for barn og unge og produksjonar for nye målgrupper er ein naturleg del av verksemda. Dette er noko som ville blitt gjet uavhengig av målformuleringane. Teatret legg sjølv føringar for kvalitet, breidde og ikkje minst aktivitet. Vi pressar oss sjølv for å lage mest mogleg og best mogleg teater innafor rammene. Dei seinaste åra har talet på produksjonar auka (Sjå 2.1.) og talet på framsyningar har gått opp (sjå 1.1). Samstundes har talet på tilsette gått ned. For åra som kjem, har vi lagt fram eit reknestykke som syner kor mykje meir teater vi kan få for ein høvesvis liten auke i tilskotet.

Teaterbygget og organisasjonen er utforma med utgangspunkt i at teatret skulle spele stykka «en suite». Etter to år med meir omfattande repertoarspel har teatret måtta gjere fleire tekniske og bygningstekniske grep for å legge betre til rette for endra speleform. Vi har mellom anna bygd nytt lager i deler av garasjelegget og investert i nytt lysutstyr. Det er òg ei utfordring at scenografiske element i dag oftare blir produsert i metall. Snikkarverkstaden er mykje større enn metallverkstaden. Teatret har derfor planar om å bygge om metallverkstaden slik at den betre kan handsame dei store metallelementa som blir produsert der.

Teatret har framleis potensiale til å produsere meir teater ut frå den kunstnarlege bemanninga. Dette let seg ikkje gjere på grunn av teknisk bemanning og manglande ressursar i planavdelinga. Meir administrative- og tekniske ressursar hadde gjeve eit større kunstnarleg potensial.

Utnyttinga av lokale er òg krevjande. Utvida turneaktivitet kan vere ei løysing på dette, men det krev igjen utvida økonomiske rammer. Vi ser i dag at sideaktivitetane teatret har mot næringsliv og andre utanforståande aktørar blir hemma av mangel på lokale. Vi må seie nei til ein stor del av tilboda vi får. Slike tilbod ville i dei fleste tilfelle ført til auka billettsal og til å auke andre eigeninntekter. Vi er i ferd med å kartlegge kostnaden ved å bygge inn eit lydisolert lokale i publikumsområdet som ville gjere denne logistikken enklare. Hittil har vi ikkje hatt midlar til å prioritere dette arbeidet. Denne typen næringslivsarrangement har vore mykje meir inntektsbringane for teatret enn tradisjonell sponsorverksemd. I tillegg fører den til at teatret blir vitja av nye publikumsgrupper.

### 2.7.9

#### **Korleis vil de karakterisere teatrets betydning og relevans i ein kunstnarleg og samfunnsmessig kontekst.**

Det Norske Teatret står i kraft av sitt språkpolitiske føremål og «oppdrag» i ei særstilling i norsk teater. Sjølv om det òg finst eit par andre mindre institusjonsteater som har nynorsk som scenespråk er den posisjonen DNT har, som ein av dei viktigaste sceniske arenaene i landet og som den største nynorske kulturinstitusjonen, heilt avgjerande for nynorsken som jamstelt, men mindre brukt offentleg språk i Noreg. Denne språklege posisjonen og tradisjonen spelar sjølvstøtt òg attende på den kunstnarlege posisjonen teatret har, og dei kunstnarlege vala som blir gjort. Det som pregar det offentleg støtta teaterfeltet generelt, sjangerbreidde og medviten balanse mellom velkjent, breitt og eksperimenterande nytt, gjeld i endå større mon DNT. Teatret legg da òg vekt på både å nytolke den klassiske kanon og å følge godt med på kva som rører seg elles i teaterverda. Ein kjenner vidare eit særleg ansvar for å utvikle ny nynorsk dramatik, og sjølv om det ville vere urett å ta heile æra, så er det ein klar samanheng mellom den sterke stillinga nynorsken har i ny norsk dramatik og det arbeidet som er blitt lagt ned på dette teatret dei siste åra. Det er i denne samanhengen verdt å peike på at ein dei siste fire-fem åra har styrkt dramaturgiatet på DNT med to stillingar. Vidare har teatret ein lang tradisjon og høg ekspertise innan musikkteater. Dette kom tidlegare til uttrykk ved faste stillingar for både musikarar og dansarar. Med den tilgangen ein i dag har på frilansarar er dette både nødvendig og dårleg kunstnarpolitikk, DNT er uansett ein betydeleg arbeidsgjevar for desse kunstnargruppene. Den medvitne satsinga på eit ungt og etnisk samansett publikum er òg eit viktig trekk ved teatrets politikk.

Som stor nasjonal scenekunstinstitusjon skal vi både bygge, ivareta og utvikle det beste av norsk scenekunstkompetanse. Vi har i dag ein posisjon som sikrar oss dei beste kreftene i landet og gjer det relativt lett å dra kjende og høgt kvalifiserte internasjonale krefter til teatret. Dette er eit godt grunnlag for å bygge eit sterkt teater òg for framtida. I ei tid da nynorsken er under press og ofte blir utsett for negativ omtale der eksamensordningar og nedervde språklege fordommar er viktigare enn språkrikdom og kulturell innsikt, har Det Norske Teatret ei viktig rolle. Vi vil saman med andre aktørar som Det Norske Samlaget skape eit pedagogisk miljø for positive språkoplevingar, og ønskjer aktivt å bidra til utvikling av språkglede. Å møte nynorsk på Det Norske Teatret og i den nynorske litteraturen kan gi barn og unge eit helt anna utgangspunkt for læring enn pugg og umotiverte lærarar.

*Det som pregar det offentleg støtta teaterfeltet generelt, sjangerbreidde og medviten balanse mellom velkjent, breitt og eksperimenterande nytt, gjeld i endå større mon Det Norske Teatret.*



### 3.1. **TABELL**

Sjå tabell pkt 1.1

### 3.2. **MEINER TEATRET DET FINST ANDRE INDIKATORAR SOM KAN GJE EIT MEIR DEKKANDE BILETE?**

Aktivitetane ved dei ulike scenekunstinstitusjonane skil seg i så høg grad frå kvarandre at det blir krevjande å lage samanfattande rapportar som gir eit godt bilete av publikumsutviklinga ved det einskilde teatret. På same måte som omgrepet «framsyning» ikkje er eintydig, omfattar det totale publikumstalet besøkande frå eit breitt spekter av aktivitetar og arrangement.

For nett å streke under kor vanskeleg det kan vere å forstå ein publikumsstatistikk kan ein vise til Bibelen som døme. Framsyninga var i to delar. Den første heitte Ørkenvandringar og den andre Jesus frå Nasaret. Nokre gonger spelte vi begge delane etter kvarandre, og då tok framsyninga seks timar. Nokre dagar spelte vi derimot Bibelen delt. Ørkenvandringar den eine dagen og Jesus frå Nasaret den neste. Det blei spelt 16 «doble» framsyningar. Dei blei sett av 8 452 menneske. Ei «dobbel» framsyning er likevel rekna som ei. Vi kunne altså med godt samvit ha rekna heile Bibelen for to framsyningar (sidan del 1 og del 2 er rekna som framsyningar andre dagar), og talet på framsyningar ville vore 60 og ikkje 44, og publikumstalet ville vore 24 295 og ikkje 15843. Grunnen til at det ikkje er gjort, er at publikum på dei heile framsyningane løyste ein billett for begge delar.

Tabellen i 1.1. seier lite om publikumsutviklinga for den einskilde scene og for ulik typar repertoar. Årsmeldingane for teatret differensierer publikum på ulike scenar og arrangement og gir såleis eit meir nyansert og dekkande bilete av publikumstalet.

### 3.3 **TEATRETS ANALYSE OG VURDERING AV TALA I TABELLEN**

Teatret er inne i ein god periode med besøk på over 200 000 publikummarar dei to siste åra. Det er hovudscenen saman med omfattande turneverksemd som gir størst utslag på publikumstalet. Hovudscenen er på mange måtar berande for besøket og økonomien ved teatret.

Tabellen over syner publikumsutviklinga for dei tre største scenane ved teatret. Denne syner at Scene 3 har hatt ei gledeleg utvikling i evalueringsperioden med jamt stigande besøk i takt med at det nye Scene 3 konseptet har festa seg hjå publikum.

Scene 2 har ein meir variert profil. Besøket på denne scenen varierer med repertoaret. Ein eller to produksjonar med breiare appell slår merkbar positivt ut for det totale besøket på denne scenen.

For besøket av barn og unge, har vi hatt ei god utvikling frå botnåret 2011, da hovudsatsinga Skatten på Sjørørvarøya ikkje slo til. I 2013 hadde vi spesielt mange titlar for denne målgruppa med jamt over godt besøk. 2013 var eit år med god variasjon i repertoaret og fleire titlar for spesielle målgrupper og for barn og unge. Sett opp mot samansettinga av repertoaret var besøket dette året einestående.

### 3.4

## HAR TEATRET SINE EIGNE PUBLIKUMSUNDERSØKINGAR?

Det Norske Teatret har som mål å auke kunnskapen om publikummet vårt. Vi har i fleire år gjennomført ulike publikumsundersøkingar i eit metodisk og målretta arbeid for å auke publikumsoppslutninga både blant eksisterande publikum (gjenbesøk) og heilt nye grupper. Vi ønskjer gjennom desse undersøkingane å utvide publikumsgrunnlaget, få meir kunnskap om dei som alt går på teater og forstå korleis vi kan få dei til å gå oftare.

I 2010 gjennomførte Perduco Kultur ei undersøking av befolkninga i Oslo som òg omfatta Det Norske Teatrets publikum spesielt.

Same året inviterte vi fokus-grupper til teatret for å finne ut kva serveringstilbodet har å seie for ei god teateroppleving. Dette kopla opp mot ei spørjeundersøking blant publikum resulterte i ei større ombygging av foajeområda og etableringa av Kafe Løve.

I 2013 gjennomførte Det Norske Teatret ei Publikumsreise, basert på prinsipp frå tenestedesign. Her følgde ein publikums reise før og etter sjølve teateropplevinga. I denne står mennesket i sentrum, ikkje produktet. Kva gir ei god publikumsoppleving? Korleis finn ein fram i teaterhuset, kva blir opplevd som bra og mindre bra? Finst det sonar for ulike aktivitetar, både sosiale og meir kontemplative. Kan ein gå aleine? I etterkant oppretta teatret ei «ventesone» i den opne foajeen, der vi tok vare på fleire av innspela frå publikumsreisa. I tillegg laga vi ny utteikning av billettane for å forenkle informasjonen desse gir. Vi testa òg billettkjøp på nett og delar av marknadskommunikasjonen. Dette er tatt inn i teatrets nye kommunikasjons- og marknadsstrategi for 2014-2016. Her vil ei tydelegare digital satsing og grundigare publikumsutvikling vere sentralt.

### U-kort-undersøkingar

Vi har òg ved fleire høve hatt undersøkingar blant Ungdomskorthaldarar, både i 2013 og 2008. Innspel herfrå er tatt inn i tilbodet vidare for U-korthaldarane, både når det gjeld vitjing «bak teppet», interaksjonar med skodespelarar og ulike yrkesgrupper på teatret, og korleis vi kommuniserer med dei.

Kundedata frå billettsystem og kjøpsmønster er ein viktig del av grunnlaget for marknadsstrategien til Det Norske Teatret.

I 2013 er vi 1 av 5 deltakarar i Performa, ei undersøking i regi av Kulturdepartementet, NPU, NTO og Kulturrådet. Undersøkinga vil gi oss oppdatert informasjon om kulturmarknaden i Oslo og Akershus. Vi vil få innsyn i ein annan måte å dele inn marknaden på enn den demografiske, gjennom å nytte psykografisk inndeling (til dømes verdiar og motivasjon) for kulturbruk. Undersøkinga har òg ein eigen kvalitativ del, med fokusgrupper, der ein ser på dei som ikkje er brukarar av dei fem institusjonane i dag og kva som kan motivere dei til kulturbruk. Målet med prosjektet er særleg auka kunnskap om ikkje-brukarane.

Det Norske Teatret deltar òg i ei europeisk undersøking i regi av ETC. Resultata av kvalitative data som er samla inn vil vere tilgjengelege i 2014.



#### 4.1.

### **Kva inneber kravet til mangfald og inkludering for dette teatret? Med utgangspunkt i den samanheng institusjonen er i: Kva målgrupper og inkluderings- og mangfald perspektiv er særleg aktuelle – publikumsmessig og kunstnarleg?**

Det Norske Teatret vart skipa som eit kampteater og skulle vere ein motpol til det konforme. Inkludering og mangfald rører ved kjernen i dette teatret. Vi var tidleg ute med prosjekt for å dekke eit større spenn av kulturelt mangfald. Dette perspektivet er ein naturleg del av verksemda ved teatret. Kravet om mangfald gjennom tilskotsbrevet har passa godt inn i planane teatret alt hadde lagt.

Hovudmålgruppa for å utvide publikumsgrunnlaget for teatret har alltid vore barn og unge. Å bygge ei positiv haldning til kunstforma hjå dei unge, er ei investering i framtida. I Oslo har ein stor del av det unge publikummet bakgrunn frå land utanfor Europa. Det Norske Teatret ønskjer å vere relevant og engasjerande for denne målgruppa gjennom repertoaret og gjennom sideaktivitetane vi presenterer. I tillegg arbeider vi langsiktig for at denne målgruppa kunne identifisere seg med dei som står på scenen. Sjå punkt 4.2

#### 4.2

### **Kva slags strategiar, planar og tiltak har de for inkludering og større mangfald? Kva har dette resultert i så langt? Kva rolle spelar styret i denne samanhengen?**

Det Norske Teatret har satsa langs fleire aksar når det gjeld inkludering og større mangfald. Hovudstrategien vår har vore å skape teaterinteresse og identifikasjon hjå dei unge. Identifikasjon oppnår ein gjennom eit repertoar som er relevant og engasjerande i tillegg til at dei som står på scenen må spegle samfunnet utafor teatersalen.

Kommunikasjonsavdelinga har marknadsstrategiar, handlingsplanar og tiltak for aktiv publikumsutvikling for å skape betre inkludering og større mangfald. I dette arbeidet har målretta skulesamarbeid stått sentralt som ein effektiv måte å bygge nytt publikum på. Vi har inngått langsiktig samarbeid med skular med høgt innslag av etnisk mangfald og vi gjennomfører eit breitt utval av ulike aktivitetar og pedagogiske opplegg i samarbeid med desse. Sjølv om hovudmålgruppa i formidlingsarbeidet har vore dei unge, betyr ikkje dette at vi ikkje òg har satsa på vaksne mellom anna gjennom samarbeid med vaksenopplæringa.

Parallelt med aktiv repertoarpolitikk mot eit ungt publikum, har det pedagogiske arbeidet vore vellykka.

Vi ser at ein stor del av publikummet på ungdomssatsingane våre har mangfaldig kulturelt og etnisk opphav. Produksjonar som Jungelboka, Fuck my life, Schockheaded Peter har treft ungdom med innvandrarbakgrunn.

Ein annan strategi har vore å skape identifikasjon gjennom breiare mangfald hjå dei som står på scenen. Vi har erkjent at rekrutteringa av innvandrarar til skodespelaryrket går for tregt. Det har vore sentralt for teatret å halde tritt med samfunnsutviklinga og få fram gode føredøme. På dette feltet har Det Norske Teatret satsa for framtida. Vi har oppretta elevskulen Det multinorske for skodespelarstudentar med innvandringsbakgrunn i tillegg til breiddetilbodet Den mangfaldige scenen for barn og unge med annan kulturell bakgrunn enn den norske.

Det er meininga at Den mangfaldige scenen i tillegg til å skape interesse for språk, dans og teater hos barn og unge, skal danne grunnlaget for rekrutteringa til den profesjonelle skodespelarutdanninga

Det multinorske og til andre utdanningsinstitusjonar for skodespelarar. Det vil ta år før vi haustar gevinstar frå dette langsiktige arbeidet. Mange barn og ungdommar har vore innom prosjektet og fleire syner stort talent og ikkje minst stor entusiasme.

Elevskulen Det multinorske er eit høgskulestudium på Bachelornivå med fire stundantar som hovudsakleg finn stad på Det Norske Teatret. Elevane er ved nyttår 2013 midtvegs i studiet. Etter gjennomført treårs studium får dei eit lønna praksisår ved teatret. Det er planlagt to slike gjennomførte studieløp med til saman åtte studentar. Når studentane er ferdig utdanna skodespelarar, har vi von om at det vil prege samansetjinga av ensemblet ved Det Norske Teatret og ved andre norske sceneinstitusjonar.


Styret og Målpolitisk råd har vore ein pådrivar i arbeidet med mangfaldssatsinga. Dei har vore spesielt involverte gjennom arbeidet for å få finansieringa av Den mangfaldige scenen og Det multinorske på plass. Teatret fekk ikkje fullfinansiert elevskulen Det multinorske. For å oppretthalde skuledrifta spyttar teatret inn midlar frå den ordinære teaterdrifta. Denne satsinga seier noko om kor viktig dette arbeidet er for teatret.

Studiet ved Det multinorske er eit samarbeid mellom Det Norske Teatret og Høgskulen i Nord-Trøndelag. Den mangfaldige scenen er eit samarbeid mellom teatret, BUL og Noregs Ungdomslag. Sjå vedlagde marknadsstrategi for større mangfald, rapport om arbeidet med Den mangfaldige scenen og kort rapport om arbeidet med elevskulen Det multinorske.

#### 4.3.

### Rapport om strategiar og gjennomførte tiltak som gjer det mogleg at kvinner og menn får like rettar til kunstfaglege, tekniske og administrative posisjonar.

Det Norske Teatret har som målsetjing å ha ei mest mogleg lik fordeling mellom kjønna blant dei tilsette, i leiinga og hjå den einskilte faggruppa. I fagavdelingar med ujamn fordeling arbeider vi aktivt for å rekruttere. Vi opplever at det ikkje er vanskeleg å finne kvalifiserte kvinner til mannsdominerte yrke, men at det same ikkje gjeld andre vegen. Det er vanskeleg å finne kvalifiserte menn til saumfag og hår/sminke. Dette er ei problemstilling som utdanningsinstitusjonane må arbeide aktivt med.



Etter fleire år med jamn fordeling mellom kjønna, ca 48,5% kvinner og 51,5% menn, auka forskjellen i 2013. Auken i talet på mannlege årsverk i forhold til kvinnelege, har hovudsakleg funne stad i skodespelarensemblet. Dette skuldast repertoaret og fordelinga mellom kvinnelege og mannlege roller. Teatret har arbeidd aktivt for å auke talet kvinner i stykka. Vi sette inn kvinner i fleire av mansrollene i Bibelen. Likevel var det ikkje til å kome bort i frå at Bibelen og fleire av dei andre større produksjonane i 2013, hadde ein overvekt av mannlege roller. Teatret arbeider aktivt for å finne stykke med interessante kvinneroller i alle aldrar.



## 5.

### Effektiv ressursutnytting Scenekunst, mål 5: Effektiv ressursutnytting

#### 5.1

**Samanstilling av rapportering dei siste fire åra på resultatmål 5.1 Sikre god økonomistyring og ressursutnytting, 5.2 Systematisk eigenevaluering av resultat og måloppnåing i samsvar med strategiplan, 5.3 God forvaltning av bygningsmasse og teknisk utstyr og 5.4 Breitt og systematisk samarbeid mellom institusjonane**

**Korleis har ressursbruken endra seg over tid? Teaterets analyse og vurdering av utviklinga.**

#### Samanstilling av rapportering dei siste fire åra på resultatmål

Viser til tabellen frå NTO

#### Sikre god økonomistyring og ressursutnytting

Effektiv ressursutnytting handlar om å setje spørsmålsteikn ved all ressursbruk og sjå den opp mot sluttproduktet på scenen. Ved Det Norske Teatret har vi fokus på effektiv ressursutnytting i alt vi gjer. Dette er eit spørsmål som er oppe til vurdering for organisasjonen på lang og kort sikt og for det einskilde prosjektet. Hovudmålsetjinga er at vi skal lage mest mogleg og best mogleg teater for midlane.

Ei samanfatting av rapporteringa dei siste fire åra syner to hovudelement i arbeidet for å sikre god økonomistyring og ressursutnytting. For det første gjennomførte teatret i perioden 2009 – 2010 ein omfattande prosess for å betre kostnadskontrollen og sikre det langsikte vedlikehaldet av bygg og utstyr. Prosessen var initiert av styret og tok utgangspunkt i ein økonomisk analyse som synte at dei faste kostnadene ved teatret var for høge i forhold til inntektsnivået. Teatret hadde eit innspareingspotensial i drifta og i produksjonane. Prosessen hadde brei forankring i organisasjonen og i styret. Kostnadsreduksjonen som vart gjennomført medførte mange tiltak i tillegg til ei nedbemanning av 18,5 årsverk. Reduksjonen av fast tilsette vart gjennomført ved at teatret la eit nytt ideelt organisasjonskart med kompetansekrav til den einskilde stillinga. Kompetansekrava vart sett med utgangspunkt i det kunstnarlege sluttproduktet. Teatret kuttar stillingar administrativt, teknisk og på kunstnarleg side. I tillegg til å kutte talet fast tilsette vart det gjennomført ei rekkje organisatoriske grep for å redusere kostnadene. Sjå eige vedlegg med liste over innspareingstiltak og personaltilhøve.

Det andre hovudelementet for effektiv ressursutnytting i perioden er tilpassing av drifta i tråd med visjonane til ny teatersjef. Erik Ulfsby tok over som teatersjef i 2011 og sette i verk ei rekkje kunstnarlege tiltak som påverka alle delar av verksemda. Viktige element for Ulfsby var overgang til repertoarteater, starte nytt prosjekt på scene 3 med auka produksjonstal, ny scene i foajeen, elevskulen for skodespelarstudentar med minoritetsbakgrunn og mot slutten av 2013 òg framsyningar på søndagar.

Fleire av dei nye elementa skapte i seg sjølve ei betre ressursutnytting. Omgjeringa av Prøvesalen til dogmescenen Scene3, er eit godt døme på dette. Reglane sikra kunstnarleg høg aktivitet innafor forholdsvis sparsame økonomiske rammer. På scenen der teatret ein periode hadde spart ved i hovudsak å setje opp gjestespel og samarbeidsproduksjonar, fekk teatret gjennom dogmereglane produsert 8 – 10 nye produksjonar av høg kunstnarleg kvalitet. Mellom anna har scenen har marginal teknisk bemanning og scenen skulle ikkje leggje beslag på ressursar frå verkstadene. Dei økonomiske rammene for desse 8 – 10 produksjonane er tilsvarande 1 - 2 fullproduksjonar på denne scenen tidlegare. Scenen har vore ein kunstnarleg suksess med gode besøkstal, samstundes som vi kan vise til ei effektiv utnytting av ressursane på alle plan. Sjå vedlegg med Scene 3-reglane.

Omlegginga til repertoarspel førte på den eine sida til ei betre utnytting av publikumspotensialet i den einskilde produksjon. På andre sida var organisasjonen og bygget i utgangspunktet ikkje innretta på repertoarspel. Dette førte i første omgang til dårlegare utnytting av tekniske, økonomiske og personalmessige ressursar. Med utgangspunkt i denne røyndommen gjennomførte teatret ein analyse av konsekvensane ved repertoarspel i 2012. Evalueringa førte til ombygging, investering i produksjonsteknisk utstyr og elektronisk planleggingsverktøy i

tillegg til fleire organisatoriske endringar og endringar i samansetjinga av det kunstnarlege ensemblet. I 2013 såg vi resultatet av tiltaka og ressursbruken var komen under kontroll. Eit viktig grep for å betre ressursbruken ved repertoarspel var å ha fleire skodespelarar på åremål og tenkje samansetjinga av skodespelarensemblet meir heilskapleg i høve til repertoaret slik at teatret fekk utnytta skodespelarressursane betre. Vedlagt følgjer ei oversikt over utfordringane ved innføringa av repertoar ved Det Norske Teatret og tiltak som vart innførte for å betre tilhøva og ressursbruken.

Eit anna nytt element som på ei side er ressurskrevjande og på andre sida fører til store ressursgevinstar, er framsyningar på søndagar. Som eit ledd i strategien om å vere meir tilgjengeleg for publikum, starta teatret med framsyningar på søndagar hausten 2013. Søndagar er ein særskild god dag for travle barnefamiljar som har problem med å rekke familieframsyningar kl. 17 på kvardagane. Teatret ser at laurdagane blir selde først til dette segmentet. Teatret gjekk inn på ein midlertidig avtale med fagforeiningane for framsyningane hausten 2013. Det er utarbeidd tvisteprotokollar for å avklare tilhøva hjå arbeidsorganisasjonane LO/Spekter. Teatret vonar vi kan halde fram praksisen i 2014 utan at det blir for ressurskrevjande.

Ei utfordring når det gjeld framsyningar på søndagar, er å lage ein prøve- og speleplan der dei involverte får tilstrekkeleg med fritid. Dette vil få konsekvensar for drifta, til dømes gjennom færre prøvedagar i veka og prøver der dei ikkje har teknisk bemanning tilgjengeleg. Fordelane vil uansett overstige ulempene. Teatret må arbeide vidare for å finne ei god løysing som ikkje gjer logistikken for krevjande og ikkje blir for kostbar i form av kompensasjonar til dei tilsette.

### Systematisk eigenevaluering av resultat og måloppnåing i samsvar med strategiplan

Kvart år gjennomfører teatret ei systematisk eigenevaluering av resultat og måloppnåing i samsvar med strategiplanen i samband med rapporteringa til Kulturdepartementet. Eigenevalueringa blir handsama i leiargruppa og i styret.

### God forvaltning av bygningsmasse og teknisk utstyr

Ein av målsettingane ved reduksjonen av faste kostnader 2009 – 2010 var å skape økonomisk spelarom for investeringar og vedlikehald i tråd med den langsiktige vedlikehaldsplanen. Teatret gjennomførte ein omfattande tilstandsrapport. Ut frå denne og frå analysar av levetid for det tekniske utstyret, laga teatret ein investerings- og vedlikehaldsplan for perioden 2009 – 2029. Teaterbygget sto ferdig i 1985. Medan bygget var nytt var det lite naudsynt vedlikehald å utføre korkje på bygg eller utstyr. I perioden 2005 – 2010 var bygg og utstyr 20 – 25 år gammalt og mykje vart modent for utskifting på same tid. Det vaks fram eit etterslep av vedlikehald og investeringar. Den økonomiske analysen som vart gjennomført i 2009 synte at teatret måtte investere for minimum 12,5 millionar kroner årleg for å halde bygg og utstyr i tilfredsstillande stand. Teatret har nytta dette og meir i åra som har gått, sjå eiga oversikt over årlege investeringar og vedlikehald i perioden. I tillegg til naudsynte investeringar og vedlikehald har teatret investert i ei oppgradering av publikumsfasilitetane. Teatret har ei målsetting om å få fleire inn i huset. Betring av publikumsfasilitetar er eit ledd i å betre ressursutnyttinga. Teater er ei totaloppleving, der publikum skal kjenne seg heime i teaterhuset. Ved Det Norske Teatret har vi arrangement som rettar seg mot gruppemarknaden der vi kan tilby m.a. matservering, kulturelle innslag, seminar, i tillegg til teater. På den måten får vi inn nye publikumsgrupper. I perioden har vi rehabilitert og bygd om publikumsområda, for å få betre tilhøve for publikum og styrke teatret som eit levande kulturhus.

Vi har bygd ny restaurant, nye barar, ny liten scene, betre tilhøve for serveringsverksemd for store arrangement og fleire og betre publikumstolett.

Ei investering kan vere god ressursutnytting. Eit døme på dette er betringa av toalettkapasiteten ved teatret. Tidlegare sto mange kvinnelege publikummarar i toalettkø i heile pausen. Dette reduserte salet av drikke i barane. Eit anna døme er investering i betre ventilasjonsanlegg, som førte til lågare energikostnader på sikt. Det tok 3,5 år å tene inn investeringa i reduserte straumrekningar. Det må ein seie er god butikk.

Vi følgjer nøye med ressursutnyttinga når det gjeld drift av bygg med reduksjon av energikostnader, betre ressursutnytting når det gjeld reinhald og støtrefunksjonar i resepsjon og kantine. Teatret har eiga vedlikehaldsavdeling med særleg ansvar for bygget og for at dei tekniske fasilitetane for framsyningane til kvar tid skal gå knirkefritt.

## Breitt og systematisk samarbeid mellom institusjonane


Teatret samarbeider tett med andre kulturorganisasjonar der vi mellom anna låner teknisk utstyr og dekorelement frå kvarandre. Sjå eige vedlegg med oversikt over samarbeidsprosjekta teatret deltar i.

### 5.2

## Fleire spørsmål til eigenevaluering av god ressursutnytting

Når, og i kva slags samanhengar, blir det vurdert kva som er god ressursutnytting sett i forhold til måla de arbeider mot? Samla? For den enkelte produksjonen? Blir det diskutert alternative og meir ressurseffektive produksjonsmåtar? Korleis arbeider styret og leiinga med dette på strategisk nivå?

Teatret vurderer heile tida repertoaret for året sett under eitt, for inneverande år, året som kjem og til dels året etter dette i tillegg til kvar einiskild produksjon. Vi balanserer repertoarsamansetjinga, ressursbruken mellom prosjekta og i det einskilde prosjektet. Ressursane for det einskilde prosjektet blir diskutert i leiargruppa og endeleg vedteke av styret. Styret blir orinetert om utviklinga i dei ulike prosjekta og korleis prosjekta utviklar seg i forhold til dei økonomiske rammene. Ressursbruken blir sidan evaluert når ein ser på ferdig teaterproduksjon. Teatret har til ei kvar tid mange produksjonar i ulike fasar av planlegginga. Vi har derfor innført ein prosjektstyringsmodell som klargjer korleis vi planlegg og gjennomfører prosjekta, kven som er med på dei ulike fasane og korleis ressursane blir fordelte. Sjå vedlegg med prosjektstyringsmodellen. Styret legg overordna føringar for ressursbruken. I prosessen rundt kutta i faste kostnader spelte styret ei viktig rolle. Saman med leiinga var styret med på å legge dei tekniske rammene for Prøvesalen/Scene 3. Prioritering av vedlikehaldet har vore ei viktig sak som styret har følgd nøye i budsjettprosessane. Det same gjeld risikovurdering av økonomien med vekt på billettinntekter og andre risikoområde. Ny teatersjef har lagt fram for styret meir omfattande repertoarspel, søndagsframsyngar og andre viktige omleggingar av drifta. Styret legg seg lite opp i det kunstnarlege programmet, men har som målsetting at teatret skal utnytte ressursane på best mogleg vis.



## Kva slags vurderingar gjer de, og korleis påverkar dei kunstnarlege målsettingane slike vurderingar? Gje eksempel.

På rammemøtet får kunstnarane bak produksjonen presentert dei økonomiske rammene som er sett av til produksjonen deira. Dei får overordna ramme for materialkostnader og personalkostnader. På dette møtet legg dei kunstnarleg ansvarlege fram korleis dei tenkjer prosjektet løyst og kva dei meiner må til for å løyse prosjektet slik dei ønskjer. Innafor totalramma kan dei på dette stadiet omdisponere midlane. Til dømes kan vi ha eit prosjekt der det er budsjettet med scenograf, koreograf og videodesignar, der instruktøren på møtet legg inn ønske om komponist. Det blir da ein diskusjon ut frå dei kunstnarlege målsettingane om komponist skal prioriterast framfor videodesignar, eller om materialkostnadene kan kuttast for å få rom til komponisten. Teatersjefen kan om han ønskjer sjå dette ønsket opp mot eventuelle kutt som kan gjerast i andre produksjonar. Det er dei kunstnarlege målsettingane som alltid er førande for fordelinga, under føresetnad om at prosjekta held seg innafor den økonomiske ramma og det som let seg løyse på det praktiske plan. Etter at teatret la om til repertoarspeling, må produksjonane i større grad regulere dei tekniske løysningane til kvarandre. Dette gjeld mellom anna val av lysutstyr, storleik på dekorasjonar og kor mange scenetrekke som er i bruk.

Det er ikkje slik at ein produksjon utan vidare blir betre sjølv om instruktøren får alle tekniske, økonomiske og personalmessige verkemiddel vedkommande ønskjer seg. Scene 3 er eit godt døme på korleis mindre tekniske ressursar fører til meir kreativitet og fokus på dei sentrale elementa i produksjonen. Teatersjefen har det siste ordet når det gjeld prioritering av ressursar i prosjekta.

## Er evaluering av ressursutnytting eit fast punkt i den systematiske eignevalueringa? På årsbasis?

### For den enkelte produksjonen?

Teatret går igjennom ressursbruken i den einskilde produksjonen undervegs i produksjonsfasen og etter at produksjonen er ferdig. Leiargruppa evaluerer året under eitt og produksjonane kvar for seg. Styret får oversikt over det økonomiske resultatet i kvart prosjekt med forklaring på store avvik, i tillegg til rapportar undervegs i prosessen.


Ressursbruken ved teatret er eit område det blir lagt stor vekt på. Vi ser etter område der vi kan spare ressursar ved å gjere ting på ein meir effektiv måte. Den høge kunstnarlege aktiviteten gjer at teatret strekker seg til det ytste for å få mest mogleg teater for ressursane.

## Kva for egne nøkkeltal som kan indikere god ressursutnytting, finst?


Eksempelvis: fordeling av ressursar mellom dei ulike delane av verksemda (kunstnarleg, teknisk, støttfunksjonar), forhold mellom faste/variable kostnader, forhold mellom kjøp av tenester/bruk av egne krefter.

## PROSENTVIS FORDELING INNTEKTER 2010 – 2013


### INNTEKTER 2010




### INNTEKTER 2011



### INNTEKTER 2012



### INNTEKTER 2013




## PROSENTVIS FORDELING KOSTNADER 2010 – 2013


**KOSTNADER 2010**



**KOSTNADER 2010  
alt B - som syner totale  
produksjonskostnader**





**KOSTNADER 2010  
alt C - som syner totale  
lønnskostnader**



**produksjonskostnader**


**lønnskostnader**




**KOSTNADER 2010**



**KOSTNADER 2010  
alt B - som syner totale  
produksjonskostnader**




**KOSTNADER 2010  
alt C - som syner totale  
lønnskostnader**




**KOSTNADER 2010**



**KOSTNADER 2010  
alt B - som syner totale  
produksjonskostnader**




**KOSTNADER 2010  
alt C - som syner totale  
lønnskostnader**




## PROSENVIS FORDELING PRODUKSJONSKOSTNADER 2010 – 2013

**PRODUKSJONSKOSTNADER 2010**




**PRODUKSJONSKOSTNADER 2011**



**PRODUKSJONSKOSTNADER 2012**




**PRODUKSJONSKOSTNADER 2013**




## PROSENTVIS FORDELING LØN 2010 – 2013


### LØN 2010




### LØN 2011



### LØN 2012



### LØN 2013



### Nøkkeltal for god ressursutnytting.

Teatret utnyttar ressursane betre etter kostnadsreduksjonen i 2009 – 2010. Eit godt døme på dette er at teatret i perioden har auka talet framsyningar med ca 270 i same periode som talet tilsette er redusert. Nedbemanning og kostnadsreduksjon førte hovudsakleg til at teatret har større fleksibilitet til å tilpasse personalressursane til den kunstnarlege produksjonen.

Modellane syner fleksibiliteten i personalressursane tydeleg. Eit år er repertoaret bemanningskrevjande, eit anna år kan krevje mindre bemanning og ressursane kan nyttast på andre område. I år med høg inntening, som til dømes 2012, kan teatret nytte meir ressursar til kunstnarar engasjerte i prosjekt. Vi ser òg at teatret etter omlegginga prioriterer vedlikehald og investeringar i høgere grad enn tidlegare. Det var ei tydeleg målsetting frå styret og frå staten.



LIKE STRILL

100 år og  
LIKE STRILL  
DET NORSKE  
TEATRET

DET NORSKE

DET NORSKE  
TEATRET

DET NORSKE  
TEATRET

## 6.

### Særskilde problemstillingar

#### DET NORSKE TEATRET ER EIN AV DEI VIKTIGASTE NYNORSKINSTITUSJONANE I LANDET.

Med ein føremålsparagraf og ein tradisjon som har nynorsk språk og kultur som ein integrert og viktig del av arbeidet sitt, er det naturleg at ein institusjon på denne storleiken og med ei slik gjennomslagskraft spelar ei heilt avgjerande rolle i ein språkkløyvd nasjon der nynorsk språk slit med typiske mindretalsproblem i høve til offentleg bruk, bruk i næringsliv og media og som skulemål. Det er derfor overraskande og gledeleg at nynorsken dei siste par tiåra har styrkt seg som litteraturspråk. Mange i den unge prislønte forfattargenerasjonen skriv på nynorsk, dette har òg DNT hatt stor glede av og vore med på å utvikle. Fleire av dei beste og mest spelte dramatikarane våre har nynorsk som sitt språk, vi nemner i fleng Jon Fosse, ein verdsdramatikar, Edvard Hoem, Olaug Nilsen, Maria Tryti Vennerød, Ragnar Hovland, Kirsti Auestad Danielsen, Marit Tusvik, Kjartan Fløgstad, Frode Tiller, Gyri Axe Øvsteng, Frode Grytten, Eirik Fauske og Stig Amdam. Fleire av desse forfatarane har vi eit nært samarbeid med og har bestilt stykke frå. Mange av desse forfatarane går òg att som omsetjarar ved teatret, og her kunne vi ha plussa på namn som Tove Bakke, Agnes Ravatn, Knut Ødegård m. fl.. Det betyr at ved sida av dei forlaga desse forfatarane er knytte til, er ein sentral teaterinstitusjon som DNT ein viktig del av inntektsgrunnlaget for denne kunstnargruppa. Det same gjer seg sjølvstendig gjeldande for andre kunstfelt òg, men det er særleg innfor litteraturfeltet at dette blir viktig. Denne omsetjarverksemda, der teatret tar hovudkostnaden - honoraret, gjer det òg mogeleg for ulike forlag å gje ut teateromsetjingar, noko som elles ikkje ville blitt prioritert. I denne samanhengen kunne ein òg nemnt det frittståande ungdomsteaterprosjektet DUS - Den unge scenen, som administrativt er knytt til DNT, og som arrangerer sine nasjonale festivalar her. Mange av dei forfatarane som er nemnde ovanfor har levert tekstar til dette teaterprosjektet, og blir spelte rundt om på 12 ulike regionale festivalar, publiserte i ein eigen bokserie, og på denne måten sterkare knytte til huset.

#### Eksport av språkkultur

Som det er peikt på ovanfor har DNT eit svært breitt samansett ensemble. Mange av skodespelarane tar med seg sin profesjonelle kompetanse og sin språklege ståstad ut i andre delar av teater- og underhaldningslivet. Her kunne vi ramse opp alt frå underhaldningsprogram og seriar på TV, private musikaloppsetjingar, til den særneigne norske floraen av historiske spel sommarstider.

DNT driv òg ei pedagogisk verksemd særleg retta inn mot dei eldste trinna i grunnskulen og vidaregåande. Dette er eit tilbod som både omfattar teaterhistorie, språk og praktisk teaterarbeid. Vår røynsle er at dette er eit arbeid som er svært godt eigna til å rive ned språklege fordommar og å skape kreativ språkinteresse. Saman med Det Norske Samlaget legg vi no planar om å utvikle og å styrke denne pedagogiske satsinga med forfatarar og forlagsfolk.

## 7.

### Arbeidet med eigenevalueringa

Teatret har i arbeidet med eigenevalueringa gjeve ulike medarbeidarar i oppgåve å skrive utkast til ulike punkt i evalueringa. Leverandørar av tekst har vore teatersjef, direktør, dramaturgane, kommunikasjonssjef, leiar av elevskulen og formidlingsansvarleg. Sidan vart det arbeidd vidare med delar av teksten i større forum. Punkt 2.7.8 og heile punkt 5 vart handsama av ei gruppe beståande av driftssjef, kommunikasjonssjef, produksjons- og plansjef, teknisk sjef, direktør i tillegg til to medarbeidarar frå planavdelinga og to medarbeidarar frå teknisk kontor. Heilskapen i dokumentet har blitt handsama av ein redaksjonskomité med to frå dramaturgiatet i tillegg til direktør og teatersjef. Til slutt vart dokumentet handsama av styret.

# DIVERSE VEDLEGG

<u>VEDLEGG PUNKT 2.4</u>	Liste over oppsetjingar av norske dramatikarar	S 42
<u>VEDLEGG PUNKT 4.2</u>	Arbeid for å nå eit breitt og samansett publikum Studieplan Det multinorske – sjå eige vedlegg Den mangfaldige scenen – sjå eige vedlegg	S 43
<u>VEDLEGG PUNKT 5.1</u>	Reduksjon av faste kostnader Personaltilhøve – effektiv ressursutnytting Scene 3-reglane – sjå eige vedlegg	S 47 S 48
	Repertoarspel og auka aktivitet Vedlikehald og investeringar Samarbeidsprosjekt	S 48 S 50 S 55
<u>VEDLEGG PUNKT 5.2</u>	Ressursutnyttinga samla og per produksjon	S 59

## VEDLEGG PKT 2.4

Liste over oppsetjingar av norske dramatikarar

### 2010

#### Eigne produksjonar

NEVERLAND: Maria Tryti Vennerød

#### Samarbeid

KØNTRILÅV: Ragnar Hovland og Duc Mai The (Gut og kar produksjoner)  
DUS

### 2011

#### Eigne produksjonar

INNSIRKLING: Carl Frode Tiller/Lasse Kolsrud  
VI HAR SÅ KORTE ARMAR: Olaug Nilssen  
ULOVLEG NORSK: Maria Amelie/Nina Wester  
NAMNET: Jon Fosse  
ABRAHAMS BARN: Svein Tindberg  
GJØGLAREN: Gyrid Axe Øvsteng

#### Samarbeid

KJÆRE LANDSMENN: Herborg Kråkevik m.fl. (Herborg Kråkevik)  
DUS  
EIT LANGT OG LYKKELEG LIV: Per Schreiner (Dramatikkfestivalen)  
RABINOWITZ: Marius Leknes Snekkevåg (Scenekraft)  
DET STYKKE NATT: Toril Solvang (Med Compani Camping)

#### Gjestespel

SANGEN FRÅ ROTSUDET: Rawdna Carita Eiras (Sami Nasunalteater)

### 2012

#### Eigne produksjonar

FELIX` FANTASTISKE ORKESTER: Morten Lorentzen/Julian Berntzen  
NORGE-BRASIL. EIN FOTBALLOPERA: Are Kalvø/Helge Førde  
GJØGLAREN (Reprise): Gyrid Axe Øvsteng

#### Samarbeid

FUCK MY LIFE: Ungdomane på scenen (POS Theatre Company)  
=OSLO: Basert på tekstar frå Magasinet =Oslo. (= Oslo)

#### Gjestespel

DYREHAGEN HARDANGER: Jon Fosse (Hordaland Teater)  
1349 PESTEN: Statsteatret (Statsteatret)  
URMAKARENS HJARTE: Prestøy/Lie (Sogn og Fjordane Teater)

## 2013

### Eigne produksjonar

BIBELEN: Maria Tryti Vennerød, Ari Behn, Carl Morten Amundsen, Terje Nordby, Eirik Fauske, José Saramago, Cecilie Løveid, Stein Winge, Anne Holtan.

STORT OG STYGT: Olaug Nilssen

DUS festival

BIKUBESONG (reprise): Frode Grytten

TONJE GLIMMERDAL: Maria Parr/Ivar Tindberg

FEM ÅRSTIDER: Maria Tryti Vennerød

### Gjestespel

HIMMELRIK (Sami Nasunalteater): Árni Ibsen

DANSKETID (Statsteatret)

HØGT OPPE I FJELLET /Dieserud/Lindgren

DEN RIMHÅRA OG DRAUMESJÅAREN: Nils-Aslak Valkeapää

### Samarbeid

EIN GOD DAG KJEM ALDRI FOR TIDLEG /Samarbeid med Sogn og Fjordane Teater og Hordaland Teater

## VEDLEGG TIL PKT 4.2.

(Melding om aktivitet ved Den mangfaldige scenen og studieplan for elevskulen Det multinorske ligg som egne vedlegg)

Arbeid for å nå eit breitt og samansett publikum – strategi frå kommunikasjonsavdelinga

## BREITT OG SAMANSETT PUBLIKUM

### Høge publikumstal

Det Norske Teatret ønskjer at den kunstnarlege verksemda skal nå eit størst mogleg publikum.

- I evalueringsperioden har vi stabilt høge publikumstal, med mellom 163.000 – 220.000 publikummarar.
- I 2012 og 2013 har vi over 200.000 publikummarar og dei høgaste besøkstala for teater i landet.
- Vi har også i evalueringsperioden auka aktiviteten frå 721 framsyningar i 2010 til heile 1214 framsyningar i 2013.

Det er likevel viktig å minne om at det generelle publikumstalet ikkje er det einaste målet på om vi når ut.

Dagens publikum er samansett, men vi ser den same tendensen som elles i kulturlivet når det gjeld kulturkonsum. Kjernepublikum er kvinner i byrjinga av 40-åra, med middels høg utdanning. Dette er sjølvstakt ei generalisering, da ulike delar av repertoaret når ulike publikumsgrupper.

På Jungelboka som blei spelt i 2012, var t.d. heile 67% av publikum barn og unge.

Vi har også hatt framsyningar som er særleg målgruppeorientert, til dømes babyteater i foajeen (Høgt oppe på fjellet) og egne barselframsyningar for dei som er heime i permisjon og tok babyane med seg på *Stort og stygt*. Andre framsyningar som *Eg Ik Ich I* og *Fuck my life* er igjen særleg ungdomsretta. Samstundes har ein framsynin- gar som Abrahams barn som femner uvanleg breitt når det gjeld målgrupper.

### Teatret som møteplass – eit kulturhus

Det Norske Teatret skal vere ein moderne og tiltrekkande møteplass i byen. Å gå på teater er ei totaloppleving, som ikkje berre består av sjølve teaterframsyninga. Det Norske Teatret arbeider med å lære meir om publikum og kva dei legg vekt på. Sjå punkt 3.4 om publikumsreise.

Det Norske Teatret legg vekt på gode «ventesonar» i foajeen, digitale informasjonsskjermer og vennlege vertar og eit ganske rimeleg mattilbod gjennom Kafe Løve.

Ei utviding av tilbodet på kaféscenen Bikuben er òg med på å opne huset og gjere terskelen lågare for å nytte teatret som møteplass og å finne vegen heilt inn i teatersalane.

Teatret set dagsorden som debattarena

Teatret ser det som viktig å være synlege i samfunnet og ta opp aktuelle tema både i repertoarval, men òg ved å delta i debattar, skrive kronikker og gjennom å delta aktivt i media generelt.

Teatret tilbyr Baksnakk, eit breitt sideprogram for dei som er interessert i eit djupdykk i teater. På Baksnakk inviterer vi publikum til diskusjon, tematisk fordjuping og kunstnarleg innsikt med sesongens premierar som utgangspunkt. I tillegg arrangerer vi òg På Scenekanten, eit uformelt publikumstreff med aktuelle skodespelarar rett etter framsyning. Alle arrangementa er gratis. På Scene 3 arrangerer vi jamlege møte med instruktørane.

### Tiltak på fleire fagområder

Å nå ut breitt handlar både om eit variert repertoar, tilgjengelegheit, prisstrategi og kommunikasjon.

Tilgjengelegheit handlar òg om speletidspunkt og opningstider. Det Norske Teatret har av denne grunn starta ein dialog med dei tilsette om å spele på søndagar. I 2013 spelte Det Norske Teatret familiefamsyninga *Tonje Glimmerdal* på 2 søndagar. Etterspurnaden frå marknaden syner at dette er ein god dag for familiefamsyningar.

Det Norske Teatret har ein dynamisk prisstrategi, som gir ulike målgrupper ulike priser. Vi har rabattar for skolar, barn og barnefamiliar, studentar, U-kort-pris, honnør og følgjekort. Dette gjer at vi når ut til fleire, også dei som trur er prissensitive.

Vi legg òg vekt på korleis vi kommuniserer med ulike målgrupper.

- I 2013 utarbeidde Det Norske Teatret ein ny visuell profil, der målet er å framstå som meir open, oppdatert og meir attraktiv for unge. Vi satsar òg på differensiert kommunikasjon, og meir målgruppetilpassa budskap og kanalar.
- Vi nyttar kundeorienterte billettsystem og jobbar med CRM og vår kundedatabase for å analysere kven vi når og kven vi ikkje når i dag.
- Det Norske Teatret var tidleg ute med å nytte sosiale medium og blogg for å kunne ha ein dialog med dei unge. Vi satsar på å vidareutvikle den digitale kommunikasjonen og i teatret sin nye kommunikasjonsstrategi er dette hovudfokusområde for 2014. Nye responsive nettsider, med betalingsløyising på mobil er og ei satsing.

### EI STERK SATSING PÅ BARN OG UNGE

Det føretrekte alternativet for barn og unge

Det Norske Teatret har som mål å markere seg som det beste og føretrekte alternativet for barn og unge, og skal nå dei unge gjennom eit breitt repertoar av kunstnarleg nyskapande produksjonar med samtidsrelevans.

Vi har repertoar tilpassa barn og unge og deira ulike utviklingsfasar og for vaksne med barn.

Til dømes:

- Høgt oppe i fjellet og EventyrForteljeTeaterStund for barn frå 0-3 år.
- Gjøglaren, Teskjekjerringa og Okse og esel for barn frå 3 år
- Tonje Glimmerdal, ny familiefamsyning for barn frå 5 år og vaksne og Felix' fantastiske orkester, ny-skrive teater for barn med ny musikk av norsk komponist.
- Fossegrimen og Skatten på sjørøverøya frå 7 år
- Vi har også satsa på fleire ungdomsretta produksjonar som Shockheaded Peter, Fuck my life, Eg Ik Ich I, Jungelboka, ZOO, Unge Werthers lidningar, Den hemmelege hagen mm.

Det Norske Teatret har satsa systematisk på denne «vanskelege målgruppa», altså mellomfasen mellom barn og ungdom/unge vaksne/studentar. Det krev langsiktig satsing og dialog med målgruppa å skape engasjement og lojalitet hos eit ungt teaterpublikum.

## 100% formidlingsstilling

Det Norske Teatret har hatt ei 100%-stilling i kommunikasjonsavdelinga med fokus på målgruppa barn, unge og studentar, DKS og skolar. Dette er ei prioritering som er ein del av satsinga på målgruppa/målgruppene.

## U-kortet

Det Norske Teatret har utarbeida Ungdomskortet som er eit gratis rabattkort for dei mellom 15 og 25. Dei som har U-kortet får til dømes:

- billetter til alle ordinære framsyningar til berre 100 kr (85,- i 2013)
- Invitasjon til eksklusive møte med skodespelarar og regissørar, prøveframsyningar, spesialtilbod og innblikk bak scenen
- Rabatt på teaterprogram, dagens kaffi + mjølkesjokolade til 20 kr i Kafe Løve og tilbod og konkurransar på til dømes Facebook og sms

## SKOLAR OG DKS

Det Norske Teatret er eit teater med eit godt utvikla tilbod innan skuleformidling og er ei serviceinnstilt kunnskapsbedrift som kombinerer levande formidling av repertoaret med fagleg gode verktøy.

Kvar sesong set vi fokus på nokre framsyningar vi meiner eignar seg særskild for skulegrupper. Til framsyningane tilbyr vi formidlingsaktivitetar som vil gi elevane større utbytte av framsyningane dei skal sjå. Til dømes: ulike workshops som teaterverkstad og skriveverkstad. Vi har òg skolebesøk der elevane får besøk av ein skodespelar før eller etter framsyninga. Desse aktivitetane vil gi auka kunnskap om stykka og aktualisere teaterbesøket for elevane.

I tillegg utarbeider vi pedagogisk materiell til to relevante stykke per sesong. Det rettar seg både mot særskilt eigna fag, men har òg ein allmenn karakter. Oppgåvene i materialet er knytte til aktuelle læreplanmål slik at teaterbesøket kan gå direkte inn i undervisninga i det aktuelle faget. Materialet inneheld ein introduksjon til stykket, presentasjon av karakterane, intervju med sentrale personar frå produksjonen, aktuelle artiklar og arbeidsoppgåver til for- og etterarbeid.

Dette er ein del av skuleformidlinga som vi tilbyr til Den kulturelle skolesekken. Dette tilbyr vi sjølvstøtt òg til skolar, men på grunn av gratisprinsippet er dette ei utfordring. Potensialet for publikum her er stort dersom ein kunne hatt ein direkte dialog med skolar og foreldre.

## Skolesamarbeid

I samband med teatret si satsing på skoleungdom, har Det Norske Teatret knytt til seg fire satsingsskolar; Veitvet, Holmlia, Bjørnholt og Oslo Musikk- og kulturskole. Skolarne får innsikt i verksemda på teatret, gode tilbod og kompetanseoverføring frå ulike avdelingar på huset. Det Norske Teatret får eit ungt, engasjert og kunnskapsrikt publikum som føler seg heime hos oss!

## Teaterambassadørar frå Holmlia

Vi har ei gruppe teaterambassadørar frå Holmlia skole, som er ein skole med høgt innslag av etnisk mangfald. Gruppa har møte to gonger i året på teatret. Dei får innblikk i drift og repertoar på teatret, ser prøver, får omvising, får møte skodespelarar, dramaturgar, teatersjef etc.

## Pilotprosjekt Teaching artists

Det Norske Teatret starta opp eit pilotprosjekt med teaching artist Bernhard Ramstad hausten 2012. Ein teaching artist er ein skodespelar som ved hjelp av dramateknikkar lærer elevane ulike fag og ferdigheiter. Prosjektet var knytt til Stein Winges oppsetjing av Bibelen og var eit samarbeid med Kristeleg Gymnasium. Ramstad jobba med elevane på skolen ein gong per 2.-3. veke hausten 2012, og fleire skolar fekk tilbod om skulebesøk og framsyning våren 2013. Skilnaden på eit teaching artist-program og dei faste formidlingsaktivitetane for skoleverket, er at ein teaching artist jobbar over lengre tid med éin klasse, og at læraren samarbeider tett med skodespelaren i utforminga av programmet.

## Europeisk skole-samarbeid

Det Norske Teatret (DNT) er medlem av det europeiske teaternetverket European Theatre Convention (ETC) saman med 40 andre teater frå 25 ulike land . Vi har dei siste åra i regi av ETC, deltatt i det EU-støtta ungdomsprosjektet Young Europe, der målet er språkforståing på tvers av grenser.

Produksjonen Eg Ik Ich I var ein samarbeidsproduksjon mellom Toneelmakerij, Amsterdam & Det Norske Teatret og var utgangspunkt for at seks nederlandske skoleklassar ble kobla saman på Facebook med seks norske skoleklassar frå Oslo og distrikta (Gol vidaregåande skole (to klassar), Oslo Private Gymnas, Roald Amundsen vidaregåande skole, Ullern vidaregåande skole, Ski vidaregåande skole og Porsgrunn vidaregåande skole.) Dei løyste oppgåver saman, laga filmar som dei delte, o.s.b. Ungdommane snakka mellom anna om kva dei ønskte seg av livet, kva dei følte at dei måtte gjera og om redsla for å mislykkast. Dette er eit døme på korleis teatret kan bidra til undervisning på ein ny og utradisjonell måte.

## Tekniske omvisingar for elektroklasser

I samarbeid med norsklærar ved Elvebakken vgs utvikla vi i 2011 ei skreddarsydd omvisning for elektroelevar ved Elvebakken vgs. Dette utvikla vi vidare i 2012. Elevane fekk møte tilsette frå dei tekniske avdelingane som viste og forklarte lyd-, lys- og sceneteknikk. I tillegg fekk elevane sjølve prøve seg på teknisk utstyr. Desse spesialomvisningane har blitt utarbeidd for å få opp teaterinteressa blant elevar som ikkje likar teater, gjennom eigne interesseområde – som elektronikk/teknikk. Vi planlegg no fleire slike omvisingar og elektroelevar mellom anna frå Elvebakken og Nes vidaregåande skole kjem tilbake for nye omvisingar våren 2014.

## MANGFALD

Det Norske Teatret har utarbeidd langsiktige strategiar som skal sikre at kulturelt mangfald blir integrert i den ordinære verksemda gjennom personalprofil, programprofil og publikumsarbeid. Vi har stor tru på at bygging av eit nytt og meir mangfaldig publikum startar med dei unge. Dei har vore hovudmålgruppa vår gjennom formidlingsarbeidet mot skolar og gjennom repertoartenkinga i den kunstnarlege verksemda. I tillegg har vi tru på at når Noreg på sikt får eit større kulturelt mangfald blant dei som står på scenen, vil interessa auke òg i denne delen av publikum. Teatret har arbeidd langs fleire aksar samstundes for å nå målsetjingane.

- Aktivt skole- og formidlingsarbeid
- Aktiv repertoarpolitikk mot ungdom
- Elevskolen Det multinorske
- Barneteaterprosjektet Den mangfaldige scenen mot barn og unge med annan kulturell bakgrunn enn norsk

Det Norske Teatret følgjer sjølvstøtt reglane for universell utforming og tilbyr mellom anna:

- følgeordning for funksjonshemma der ein får fribillett til den som følgjer i teatret.
- IR-anlegg for høyreveike
- døvetolking av utvalde framсыningar

## SENIORPUBLIKUM

Det Norske Teatret har eit godt tilbod også for seniorar. Lunsj & lyrikk er eit gratistilbod på vekedagane til alle, men særleg retta mot seniorar. Dette er blitt ein fast møtestad for mange grupper.

Det Norske Teatret tilbyr òg Matiné-program på fleire framсыningar. Dette er eit dag-tilbod for dei som ikkje har høve til å gå på teater om kvelden. Vi tilbyr ein eigen matiné-pakke med rabatterte prisar.

## BEDRIFTER OG GRUPPER

Det Norske Teatret arbeider aktivt og målretta mot næringsliv og potensielle sponsorar. Denne typen relasjonsbygging og samarbeid gir tilgang til fleire nye publikumsgrupper.

Det Norske Teatret kan tilby grupper og organisasjonar skreddarsydd totalopplevingar. Med store foajéområde, er huset godt eigna for alle typar arrangement. Restaurant Kafe Løve tilbyr servering frå lunsj til sein kveld, med ein stor og brei meny med kontinentale smørbrød, fransk brasseri og botnsolid á la carté. Dette gjer at Det Norske Teatret kan dyrke totalopplevinga rundt det å gå i teater, og at teater òg blir ein naturleg del av andre arrangement. Mange som har arrangement på huset har sitt første møte med teater.

## Sponsing

Det Norske Teatret er stolte og glade over å samarbeide med tre sponsorar. Dei er høgst ulike verksemdar, men har det felles at dei ønskjer eit levande og kreativt samarbeid, gode kulturelle opplevingar, utveksling av kompetanse og høg kvalitet på arrangement. Desse samarbeida gir ikkje berre kontantbeløp, men legg stor vekt på å møte eit nytt publikum og på kompetanseoverføring.

## NYE MÅLGRUPPER

Å nå nye målgrupper er eit satsingsområde for Det Norske Teatret. Aktivitetsauken krev at vi når eksisterande målgrupper oftare, men at vi òg må utvikle nye.

Dette krev at vi som teater er i stadig utvikling: utviklar nytt og tidsaktuelt repertoar, har ein tett dialog med marknaden og får kunnskap frå publikumsundersøkingar, utviklar nye tiltak og nye måtar å kommunisere med publikum på.

## VEDLEGG TIL PKT. 5.1.

Scene 3-reglane, sjå eige vedlegg

## Reduksjon av faste kostnader

I 2009 starta teatret ein gjennomgripande prosess for å betre kostnadskontrollen og sikre det langsiktige vedlikehaldet av bygg og utstyr. Prosessen var initiert av styret og heldt fram i 2010. Prosessen tok utgangspunkt i økonomiske analysar som synte at dei faste kostnadene ved teatret var for høge. Teatret hadde eit innsparingspotensial både i drifta og i produksjonane. Prosessen hadde brei forankring i organisasjonen og i styret. Kostnadsreduksjonen medførte mange tiltak i tillegg til nedbemanning på 18,5 årsverk. Med utgangspunkt i det kunstnarlege sluttproduktet la teatret eit nytt ideelt organisasjonskart med kompetansekrav til den einstilte stillinga. Vi kutta stillingar administrativt, teknisk og på kunstnarleg side. Her er nokre av tiltaka som vart gjennomførte:

- Innførte nøkkelkort, slik at resepsjonen ikkje treng vere bemanna på kveldstid.
- Teatret skulle ikkje lenger ha ressursar som fast tilsett møbeltapetserar og grafisk designar. Tenestene skulle kjøpast inn etter behov.
- Administrasjonen vart nedbemanna med to sekretærstillingar og ein rekneskapsmedarbeidar.
- Stillingar på scenen, i målarstua, i rekvisittavdelinga og i billettluke vart kutta.
- Teatret har ei langsiktig målsetting om å leige inn instruktør, scenograf og kostymedesignar i kunstnarlege team per produksjon. Dette er viktig for heilskapen i det kunstnarlege uttrykket i produksjonen og for at teatret til ei kvar tid kan satse på dei leiande kunstnarlege kreftene i bransjen, både innanlands og utanlands. Vi reduserte talet på fast tilsette scenografar med 1,5 årsverk. I tillegg innførte teatret ein personalstrategi der dramaturgane blir engasjerte på åremål som følgjer sitjande teatersjef, slik at teatersjefen òg får sitt eige kunstnarlege team å samarbeide med.
- Samansetjinga av skodespelarensemblet vart betre tilpassa repertoaret. Gjennomsnittsalderen for dei fast tilsette skodespelarane var faretruande høg. Teatret delte inn dei faste skodespelarane etter kjønn og alder og fann at det var for mange skodespelarar i nokre av kategoriane der det i tillegg finst få roller. Fleire av dei eldre gjekk av med pensjon, og eit par skodespelarar gjekk over i delte stillingar, der ein av dei var 50% skodespelar og 50% inspisient og ein annan vart 50% skodespelar og 50% sufflør. Slik fekk teatret ei betre samansetjing av ensemblet og langt betre ressursutnytting og fleksibilitet.
- Prøvesalen (i dag Scene 3) skulle ikkje binde verkstadressursar. Dekorelement, rekvisittar og kostyme skulle finnast på lager. Produksjonane fekk låge materialbudsjett. Scenen vart fyrst lansert som ein scene for gjestespel og enkle produksjonar initierte av kunstnarar på huset. Framsyningane på denne scenen skulle avviklast av ein kombi-teknikar og det skulle ikkje vere inspisientar eller sufflørar under framsyningane.
- Opningstida i kantina vart redusert.
- Teatret investerte i ei oppgradering av ventilasjonssystemet som sparte mykje energikostnader på sikt.
- Teatret fekk lagt inn teikningar av bygget i eit datasystem som effektiviserte og systematiserte reinhald og vedlikehald.
- Teatret reduserte talet trykksaker gjennom at det ikkje lengre skulle trykkast og seljast program på dei to minste scenane.
- Gåvepolitikken vart gjennomgått. Det skulle ikkje delast ut julegaver til tilsette i år med dårleg økonomisk resultat.

## Personaltilhøve – effektiv ressursutnytting

Etter at teatret reduserte bemanninga i 2009 – 2010, har vi passa på å halde talet på fast tilsette nede.

Vi skal ikkje bemanne for toppane, men heller ta inn ekstra personale ved behov.

- Saman med naturleg avgang har bemanningsreduksjonen på kunstnarleg side ikkje ført til færre faste skode spelarar, men til ei betre samansetjing av ensemblet. Gjennomsnittsalderen er lågare og vi har ein god variasjon mellom kjønn, alder og kompetanse hjå skodespelarane. Gjennom dette får vi utnytta skodespelarressursane mykje betre. Skodespelarane er i arbeid og teatret har større fleksibilitet til å ta inn kunstnarar utanfrå.
- Fram og attende med tilsetjing av ny teatersjef resulterte i at teatret endra repertoaret på kort tid. Dette førte til ein dominoeffekt av forseinkingar på verkstadene. Etter ein periode med mykje overtid og høge personalkostna der på verkstadene, tok teatret grep og leigde inn mange folk for å ta unna etterslepet. Det var ressurskrevjande der og da, men fekk positive og ressursparande konsekvensar.
- Det har vore ei utvikling i produksjonen av scenografiar dei seinare åra, der mindre blir tilverka i tre og meir i metall. Dette har ført til at teatret har sendt fleire sceneteknikarar på sveisekurs, i tillegg til at metallverkstaden er slått saman med snikkarverkstaden for betre ressursutnytting på tvers av avdelingane.
- Alle tekniske avdelingar strekker seg til det ytste for å komme dei kunstnarlege ønska i møte. Teaterleiinga er i stadig dialog med avdelingane om kva som er kvalitativt optimalt på det einskilde fagfeltet. Fagavdelingane skal vere på tilbodsida, men kan samstundes ikkje tilby meir enn teatret har ressursar til å gjennomføre. Dette er ein vanskeleg balansegang, da alle partar ønskjer best mogleg produksjonar. Eit døme på denne problematikken kan vere lyden, der ein meiner den optimale lydattgjevinga vil vere med veggene som deler av salen på Hovudscenen, oppe. Dette må vegast opp mot opplevinga publikum har av å sitje i ein halvtom sal. Teatersjefen har det endelege ordet og må ta mange avgjerder til beste for heilskapen, men ikkje alltid til beste for det einskilde fagområdet.

## Repertoarspel og auka aktivitet

Konkurransen om teaterpublikummet er stor. Det Norske Teatret har valt å møte utfordringa gjennom auka produksjonstakt samstundes som vi held stykka på programmet over ein lengre periode. Det er avgjerande for teatret at vi har eit breitt tilbud til mange ulike publikumsgrupper, og at framsyningane er tilgjengelege når publikum ønskjer å sjå dei. Gjennom innføring av auka repertoarspel utnyttar vi publikumspotensialet i den einskilde produksjonen ved at stykka får tid til å feste seg i marknaden.

Det Norske Teatret har i mange år hatt god ressursutnytting ved at teatret spelar to framsyningar per dag på Hovudscenen og delvis på Scene 2. På Hovudscenen vil teatret normalt ha prøver på eit stykke på dagtid, skifte dekorasjon til eit barne- og familiestykke på ettermiddagen og så skifte til vaksenframsyninga på kvelden. Det nye er at teatret i høgere grad enn tidlegare skiftar mellom ulike stykke på ulike dagar i same veke.

Teatret er i utgangspunktet bygd opp til det ein kallar en suite-teater. Det vil seie at ein produksjon blir spela i ei blokk til den blir erstatta av ein annan. Det tok tid å tilpasse organisasjon, logistikk, bygg og produksjonstekniske tilhøve til den nye speleforma. Dei to fyrste åra etter overgangen frå en suite teater til repertoarspel, var ressurskrevjande for teatret og førte til fleire praktiske og økonomiske utfordringar. I denne perioden har teatret vore i ein utviklingsprosess der vi har lært mykje og gjort endringar ut frå erfaringane vi har hausta. Vi har òg investert ressursar som vi kjem til å få attende gjennom meir fleksibilitet og betre ressursutnytting i framtida. Trass i auka arbeidspress og praktiske utfordringar, som følgje av omlegginga, har dei tilsette stor forståing for at omlegginga har vore naudsynt og fornuftig for teater. Teatret har lågt sjukefråvær og vi skårar gjennomgåande høgt på arbeidsmiljøundersøkingar.

## Utfordringar fyrste perioden etter overgangen til auka aktivitet og repertoarspel

- Teaterhuset er ikkje bygd med plass til lagring av mange store dekorasjonar og det er ikkje høve til å transportere dekorelement ut av huset for ekstern lagring. Dette førte til plassproblem. Sidescenene til hovuds scenen var fullpakka av dekorasjonar og for dei store dekorasjonane til Hovudscenen, og teatret hadde få stader å lagre dekoren til Scene 2. Dette førte til krevjande arbeidssituasjonar for dei som arbeider sceneteknisk og brot på reglar for helse, miljø og tryggleik. I denne perioden hadde vi produksjonar som vi desserre måtte ta av programmet, sjølv om det var potensiale att i marknaden, på grunn av reine lagringsproblem. Felix' fantastiske orkester er eit døme på dette. Dette var ein god barne- og familieproduksjon som vi kunne hatt på speleplanen i fleire år. Fordi dekorasjonen var for stor, vart produksjonen tatt av plakaten og scenografien vart skrota.
- Sprik mellom tekniske løysningar på dei ulike produksjonane førte til krevjande skift og mangel på utstyr/tekniske fasilitetar.
- Meir overtid og leige av eksternt personale. Auka aktivitet og høg takt i skifta mellom ulike produksjonar la eit auka arbeidspress på alle avdelingar. Tidlegare skiftordningar fungerte dårleg for tekniske grupper som arbeider med den einskilde produksjon. Fleire teknikarar må få opplæring i den einskilde produksjonen. Scenetekniske utfordringar la auka press på alle tekniske avdelingar. Logistikkarbeidet vart meir omfattande. Støttefunksjonar som billettluke, publikumsvertar, kantine, reinhald og vedlikehald, fekk meir arbeid. Marknadsavdelinga fekk fleire titlar i sal.
- Fleire prøver undervegs på stykke som er i spel.
- Skodespelarar engasjerte i eit einskildestykke må forlenge kontraktane når speleperioden blir forlenga
- Med mange produksjonar i spel har teatret fått ein meir krevjande logistikk når det gjeld tekniske fasilitetar, som prøverom og scener, i tillegg til personalressursane. Det ligg ein krevjande personkabal bak vår kompliserte og stadig skiftande speleplan. I tillegg har teatret etablert elevskulen Det multinorske, som i høg grad nyttar interne pedagogiske krefter og treng lokale til undervisning og prøvar. Skodespelarane blir òg nytta til ulike formidlingsoppgåver, i tillegg til Lunsj og lyrikk, EventyrForteljeTeaterStund og Bikubekveld.

## Tiltak for å utnytte ressursane betre og møte utfordringane ved auka aktivitet og repertoarspel

Teatret har møtt utfordringane for å auke aktiviteten og gjere teatret meir tilgjengeleg. Vi har gjort teaterdrifta meir fleksibel utan å auke bemanninga gjennom ein rekke tiltak i perioden:

- Produksjonane vart no betre planlagt og produsert med utgangspunkt i at dei skal kunne spelast i repertoar med fleire andre produksjonar. Dette får mellom anna konsekvensar for korleis vi planlegg bygg av dekorasjonane og for lyssetjinga.
- Teatret har investert i ein anna type lysutstyr med rølege kastarar som gjer lyssetjinga meir fleksibel mellom produksjonane. Den einskilde produksjon må tilpasse lyssetjinga etter ein grunnrigg som skal nyttast av mange produksjonar på ein gong. Det er mindre plass for store individuelle løysingar som avvik frå grunnoppsettet.
- Teatret har bygd om delar av garasjeanlegget til lager for dekorasjonane på Scene 2.
- Bakscenen på Scene 3 vart gjort om til lager for dekorasjonar til Scene 2 og Scene 3.
- Teatret tek betre omsyn til at produksjonane skal spelast i repertoar over lang tid når vi engasjerer skodespelarar. Fleire skodespelarar får kontraktar som strekker seg over fleire år, slik at ensemblet får ei fleksibel samansetjing og skodespelarverka kan utnyttast i fleire produksjonar samstundes. Dette gjer det mindre kostbart å forlenge speleperioden for stykka.
- Vi har overført personalansvar for tilsette i sceneavdelinga og i lysavdelinga til skiftleiarane. Den einskilde teknikar har fått større nærleik til sin næraste sjef. Fagavdelingsleiar for lys og fagavdelingsleiar for scenen har fått frigjeve tid som tekniske produsentar. Dette skaper betre oppfølging og ressursutnytting i prosjekta.
- Vi har endra den tekniske bemanninga på scenen, slik at dei er betre tilpassa behova i den einskilde produksjon. Produksjonar med mindre dekorasjonar og enklare skift blir bemanna med færre teknikarar. Personalressursar som ikkje går inn i skiftet, blir nytta i verkstadene, til vedlikehald av utstyr og til andre naudsynte strøjobbar.
- Teatret ser på organiseringa av avdelingar der medarbeidarane følgjer produksjonen. Vi er i dialog med avdelingane for å sjå om det er betre måtar å organisere arbeidet. Gjennomsnittsberekening av arbeidstid kan vere ei løysing for nokre av desse gruppene, medan andre typar arbeidsplanar kan vere løysinga for andre.
- Teatret oppretta ei Produksjon- og planavdeling lausrive frå teknisk avdeling. Inspisientane og sufflørane vart lagt inn under denne avdelinga. Teatret har ikkje eigne produsentar, som fleire av dei andre store teatra har.

- Produksjon- og planavdelinga har fått eit nytt, betre planleggingssystem. Dette har ført til betre planlegging og ressursutnytting på alle plan.
- Teatret har innført eit strengare system for permisjon for skodespelarane. Dette har vore naudsynt for at teatret skal ha betre oversikt over skodespelarressursane.
- Teatret utnyttar skodespelarressursane betre ved at ein skodespelar som er sjukemelde kjem inn i ei mindre rolle når vedkommande er attende. Tidlegare kunne skodespelarar som kom attende midt i ein speleperiode på eit stykke gå og vente til prøveperiode på nytt stykke tok til.

## VEDLIKEHALD OG INVESTERINGAR 2010 - 2013

### REKNESKAP REHABILITERING OG VEDLIKEHALD 2010

#### Investeringar

Ombygging hovudkjøkken 6. høgda	1 772 471
Truck	131 250
Kjøleutstyr serverrom	74 650
Flisavsug snikkarverkstad	215 056
Plateoppdelingssag snikkarverkstad	243 859
Yamaha flygel	301 000
Ljosutstyr	204 897
ETC Net3FourPort/gateway	75 270
Motoriserte halogen og msr wash-lyskastarar	954 013
Profil lyskastarar	909 158
Moving head lyskastarar	582 725
Saksejekkar Scene 2	204 550
Delevegg teatersal	271 250
Clearcom utstyr	540 375
Snorloft automatikk	43 750
Vaskemaskinar	119 338
Møblar	469 880
Ny adgangskontroll	363 707
Ny automatikk ventilasjon og ny lysstyring	320 125
Aggregat Hovudscenen	178 750
Ny datasentral for ventilasjonssystemet	151 625
Oppgradering vifterom	299 760
IT utstyr	704 934
USP port ny målaral	45 750
Ny harddisk telefonsentral	74 800
Tilfluktsrom	103 000
Ny fettutskillar	48 125
Ny naudlysentral	99 069
Datastyring av lys/husinnstallasjonar	488 500
Ny dørautomatikk	149 700
<b>SUM investeringar</b>	<b>10 141 337</b>

## Vedlikehold

Reparasjonar publikumsområda	51 321
Målararbeid	513 363
Naudutgong resepsjon	11 002
El	43 133
Ventilasjon + ny dør kjøkken	13 347
Sliping golv	102 700
Møblar	12 175
Blålys	20 815
Hydraulikkslangar	499 225
Snikkararbeid	326 923
Oppussing kjellar	65 770
Utskifting drivsystem varmegjenvinning	20 896
Terrassedør	29 252
Golv ventilasjonsrom	21 194
Mute panel for høgtalarar	87 443
Stekkavlaster HC	59 638
Div anna vedlikehold	123 836
Utvendig vedlikehold	384 736
Byggetekniske konsulentar utleigebygg	222 863
Konsulentar driftsvurdering - Bernt Borring	140 270
Div byggeteknisk bistand	93 227
Brekke & Strand, akustikkar	17 382
Mellbye arkitektar	103 612
Ingeniør Petter Nome	84 309
konsulent ombygging foaje/anod/byggleiing	108 290
Energimerking av utleigebygg og hovudbygg	87 500
Befaring problem med lydisolasjon Møterom 7	2 882
Conova AS	23 966
4B arkitekter as	37 763
Myhrwold storkjøkken, teikningar prosjekt	18 750
Fargekonsulent	23 000
Reparasjon, vedlikehold utstyr	459 579
Verkty, driftsmateriell	285 435
Serviceavtalar	3 913 489
<b>SUM vedlikehold</b>	<b>8 009 086</b>

## SUM VEDLIKEHALD OG REHABILITERING

18 150 423

## REKNESKAP VEDLIKEHALD OG REHABILITERING 2011

### Investeringar

Verktøy, maskinar	325 745
Lydutstyr, musikkutstyr	285 411
Lysutstyr	95 787
Datautstyr	345 247
Innreiing, inventar	694 579
Låssystem, fasadebelysing	245 767
Uniformar	97 873
Brannvern	93 293
Byggetekniske investeringar	5 200 977
Ventilasjon	2 309 832
Golv Hovudscenen og sidescene	4 098 684
Prosjekt ombygging foaje	20 340 289
Golv, monteringshall	1 300 000
<b>SUM Investeringar</b>	<b>35 433 484</b>

Byggeteknisk innvending	1 989 323
Byggeteknisk utvendig	176 889
VVS	362 568
EL	406 979
Vedlikehald utstyr	629 912
Serviceavtalar	3 566 697
<b>SUM Vedlikehald</b>	<b>7 132 368</b>

<b>SUM vedlikehald og investeringar</b>	<b>42 565 852</b>
---	-------------------

## Investeringar og vedlikehald i 2012

### Investeringar

Maskinar	232 943
Byggeteknisk investering (rest)	1 683 589
Ombygging foaje	1 059 252
Inventar	692 179
Brannvern	65 674
Uniformar	33 399
Låssystem	93 287
FDV-datasystem	40 610
Datautstyr	878 854
Betongdekke monteringshall	289 525
Tregolv sidescene	1 916 465
Avtrekk i monteringshall	205 875
Inventar i teknisk verkstad	69 450
Nytt billettsystem	813 741
El, salsljøs, ljøsarmatur, el-skap	1 716 787
Nye ventilasjonsaggregat *	1 200 338
Datastyring el	219 336
Flytting, nybygg lydbord Hovudsc,	177 500
Trekkstenger Hovudscenen	916 817
Trådlaus system lyd	1 323 417
<b>Sum investeringar</b>	<b>13 629 038</b>

### Vedlikehald

Byggeteknisk innvendig	691 348
Byggeteknisk utvendig	252 762
VVS	355 685
EL	727 423
Vedlikehald utstyr	513 019
Serviceavtalar	4 752 152
<b>Sum vedlikehald</b>	<b>7 292 389</b>

**Sum vedlikehald og rehabilitering** **20 921 427**

## Investeringar og vedlikehald 2013

### Investeringar

Kulisselager garasje	283 781
Brannslangar/kollysreslökkarar	220 313
Aggregat	176 096
Spillvatnpumpe	211 432
Underfordelar	61 237
Fortau	933 320
Oppgrad billettssystem	188 942
Kontraktorar, underfordalare, el mat	88 431
Aggregat	1 449 268
Kjølemaskinar	1 869 594
Rørlege lyskastarar	3 809 892
Video	500 672
Radiomikrofonar, HC	160 070
Lydmiksar, Scene 2	306 002
Maskinpark, bilar, lift osv	342 563
Oppgradering scenetrek, HC	1 846 433
Billettmaskinar	205 743
Golv Hovudscenen	208 932
Tregolv verkstad	165 250
Ny kjøledisk	175 449
Sentrifuge vaskeri	38 176
Feiemaskin HC	37 500
Yamaha avant, Svenn Erik	49 000
Runtime, 4 stk hp 8300E	61 450
Bord Sufflør + div møbel	100 226
Skjermer vindauge	321 273
Byggteknisk inv	23 253
Knust rute mot fortau Kr IV's gate	84 874
Ny dører dametolett, Murpartner	81 250
Billettluke, ombygging	75 000
Nye motoriserte skinner til Bikuben	35 450
Salslysstyring Scene 2	26 396
Salslys Scene 3	78 056
Inspiesientpult	46 228
Tools	70 075
Westholt, fløyelsinnd Scene 3 fra 2012	86 172
Jordfeilovervåking	195 369
<b>SUM investeringar</b>	<b>14 613 167</b>

### Vedlikehald

Byggteknisk innvendig	429 108
Byggteknisk utvendig	51 843
VVS	245 928
EL	290 452
Vedlikehald utstyr	778 453
Serviceavtaler	4 421 544
<b>Sum vedlikehald</b>	<b>6 217 328</b>

**TOTALT INVESTERINGAR OG VEDLIKEHALD: 20 830 495**

## SAMARBEIDSPROSJEKT

### 2010

#### The Island/Mannen frå havet

Eit samarbeid mellom det europeiske nettverket ETC, Nottingham Playhouse og Det Norske Teatret. Det Norske Teatret og Nottingham Playhouse tok utgangspunkt i boka The Island, og laga kvar si dramatisering. Nottingham Playhouse spelte den engelske versjonen på skular i England, og gjesta skular i Oslo og spelte sin versjon på engelsk her. Det Norske spelte sin versjon på skular her, og gjesta òg på skular i England med den norske versjonen. Regi og omarbeiding av den norske versjonen Morten Cranner, omsetjing Ola E. Bø med Nina Woxholt og

#### Ladyen av Burma

Det Norske Teatret og Nord-Trøndelag Teater. Framsyninga blei produsert på Nord-Trøndelag Teater med Ingunn B. Øyen frå Det Norske Teatret i hovudrolla. Ladyen av Burma blei så spelt på Det Norske Teatret.

#### Køntrilåvv

Det Norske Teatret og Gut og Kar Produksjoner. Det Norske Teatret gjekk inn med økonomisk støtte, prøve- og spelelokale, teknisk og administrativt personell og ein skodespelar, Ingrid Jørgensen. Køntrilåvv blei spelt på Prøvesalen.

#### Oscar og den rosa dama

Monolog med Wenche Helena Medbøe. Det Norske Teatret og Medbøe produksjonar. Det Norske Teatret gjekk inn med vesentleg økonomisk støtte, prøve- og spelelokale og teknisk og administrativt personell. Oscar og den rosa dama blei spelt på Prøvesalen.

#### Bell-check

Det Norske Teatret og Barske Glæder. Det Norske Teatret gjekk inn med økonomisk støtte, prøve- og spelelokale og teknisk personell. Bell-check blei spelt på Prøvesalen.

### 2011

#### Rabinowitz

Produsert av Scenekraft i samarbeid med DNT. Premiere på Festiviteten i Haugesund 7.april 2011. Spela fleire framsyningar i Hagesund, på Rogaland Teater og på ymse skolar og institusjonar. Gjesta dessutan DNT i mai og september 2011. Spela til saman 7 framsyningar her. DNT bidrog til prosjektet ved å løne ein skodespelar. I tillegg bidrog DNT noko administrativt og med teknisk bistand, i tillegg til marknadsføring og informasjon isamband med gjestinga på DNT.

### Frøken Else

Ein samproduksjon mellom Ingrid Bolsø Berdal og DNT. Noregspremiere på DNT 20. januar 2011. Spela 16 framsyningar på DNT. DNT bidrog økonomisk med 250.000 kr til prosjektet. I tillegg stilte DNT med prøve og spelelokale, tekniske og administrative ressursar, marknadsføring og informasjon.

### Oscar og den rosa dama

Ein samproduksjon mellom Medbøe Prosjekter og DNT. Hadde urpremiere på DNT hausten 2010, men blei òg spela på DNT 4 gonger i 2011. (Produksjonen var dessutan i 2011 på turne i regi av Riksteatret, og han blei spela nokre gonger utanfor DNT i Medbøes eigen regi.) DNT bidrog økonomisk til prosjektet ved å betale Wenche Medbøe 4000 kr per framsyning ho spela på DNT. I tillegg stilte DNT med spelelokale, tekniske og administrative ressursar, marknadsføring og informasjon.

### Det stykke natt

Produsert av Kompani Camping i samarbeid med DNT. Urpremiere 28. mai 2011 på Litteraturhuset i Oslo. Blei òg spela på Festspillene i Nord-Norge, Harstad, 2. juni 2011. DNT løna to skodespelarar i prøve- og speleperiodane, og bidrog i tillegg administrativt. Produksjonen blei spela to gonger på DNT under Norsk Dramatikkfestival august/september 2011. I samband med desse framsyningane bidrog DNT med 30.000 kr. I tillegg fekk Kompani Camping 70 % av billettinntektene. Utanom dette stilte DNT med spelelokale samt tekniske og administrative ressursar, marknadsføring og informasjon.

### Bondestudentar

Produsert av DNT, dramatisering og regi, Otto Homlung, dramaturgi Ola E. Bø, i samarbeid med Universitetet i Oslo. DNT bidrog med alt bortsett frå eit kor på 10 personar, som UiO bidrog med. I tillegg kjøpte UiO 1500 billetter til 200 kr per stk.

### Alt som vanleg

Ein verkstad i samarbeid med Dramatikkens hus. Gjennomført på Dramatikkens hus.

## 2012

### AD ARTIST MANAGEMENT

DNT i samarbeid med Herborg Kråkevik og hennar management om produksjon av Kjære landsmenn som vart spelt ved DNT og på turne i Noreg. Teatret produserte stykket og stod for kostnader for produksjonen og framsyningane i Oslo. Kråkevik betalte turnekostnadene.

Regi Erik Ulfsby, dramaturgi Ola E. Bø

### POS THEATRE COMPANY

DBT samarbeida med Per Olav Sørensen om produksjon av Fuck my life. Teatret produserte stykket og stod for kostnader for produksjonen og framsyningane i Oslo. Stykket vart spelt vidare ved DNT i 2013.

POSplanlegg å ta prosjektet ut på turne til eigen kostnad etter at stykket er ferdigspelt i Oslo.

Regi Per Olav Sørensen

### ASKER MUSEUM

Brennande nesler i samarbeid med Asker Museum, eit stykke om Hulda Garborg, grunnleggaren av Det Norske Teatret, der teatret stilte med fire skodespelarar og kostyme til produksjonen. Framsyninga vart spelt på Asker Museum.

Regi, Bartold Halle

### RIKSTEATRET

Samarbeid om produksjonen Blackbird der DNT stod for omsetjinga og bidrog med ein skodespelar, Marie Blokhus.

## FIGURTEATRET I NORDLAND

Samarbeid om Figurteaterfestivalen i Nordland der DNT bidro med tekikarar

## BUL og NU

Samarbeidar om barne- og ungdomsteatersatsinga Den mangfaldige scenen, sjå eigen rapport under mangfald.

## Høgskulen i Nord-Trøndelag

Samarbeid om opprettinga av elevskulen Det multi norske, sjå eigen rapport under mangfald.

## Institusjonsteatra i Oslo

Institusjonsteatra i Oslo har eit godt samarbeid om tekniske løysingar, lån av utstyr og utveksling av røynsle.

## STTS

Teknisk kompetanseutvikling i Skandinavia der vi kartlegg kompetansen, set kompetansekrav og vidareformidlar kompetanse internt i det enskilde teatret og mellom teatra.

## OSLO INTERNASJONALE TEATER

Teatret bidrog med skodespelarar, scenefasilitetar til 4 ulike dramatiske lesingar av nyare internasjonale teatertekstar.

## OSLO INTERNASJONALE TEATER

White Rabbit, Red Rabbit arrangerte framsyninga saman med Oslo internasjonale teater

## 2013

### AD ARTIST MANGEMENT

DNT samarbeidde med Herborg Kråkevik og hennar management om produksjonen Kjære landsmenn! som vart spelt ved DNT og på turné i Noreg. Teatret produserte stykket og stod for kostnadene for produksjonen og framsyningane i Oslo. Kråkevik betalte turnékostandene.

### POS THEATRE COPANY

DNT samarbeidde med Per Olav Sørensen om produksjon av Fuck My Life. Teatret produserte stykket og stod for kostnader for produksjonen og framsyningane i Oslo. Stykket har òg gjesta nokre andre spelestader i 2013, organisert og betalt av POS THEATRE COPANY.

### HORDALAND TEATER OG SOGN OG FJORDANE TEATER

DNT samarbeidde med HoT og SoFT om produksjonen Ein god dag og teatra stilte med ein skodespelar kvar.

Produksjonen hadde premiere på Logen i Bergen. Etter turné i regi av HoT blei stykket spelt på DNT før det drog på turné i regi av SoFT. Samarbeidspartane delte på produksjonskostnadene fram til premieren i Bergen og tok sjølv kostandene knytt til speleperiodane på dei respektive teatra.

Regi, Ingrid Weme Nilsen, dramaturgi Ola E. Bø

## RIKSTEATRET

DNT var RT's hovudsamarbeidspartnar i 2013. Dette som ein del av DNT's 100-årsmarkering.

DNT samarbeidde med RT om produksjonen Blackbird. Produksjonen hadde turnepremiere i oktober 2012 og blei sett opp på DNT's Scene 3 i januar 2013. Samarbeidspartnarane delte på produksjonskostnadene. DNT stod for omsetjinga og bidrog med ein skodespelar.

DNT samarbeidde med RT om produksjonen Bikubseong. Produksjonen hadde premiere på DNT's Scene 2 i april og turnepremiere i september. Etter turneen spelte framsyninga igjen på DNT's Scene 2. Samarbeidspartnarane delte på produksjonskostnadene. DNT bidrog med 15 skodespelarar og 3 musikarar.

Regi, Lasse Kolsrud

DNT samarbeidde med RT om produksjonen Mens vi ventar på Godot. Produksjonen hadde turnepremiere oktober 2013 og vart sett opp på DNT's Scene 3 med Oslopremiere i januar 2014. Samarbeidspartnarane delte på produksjonskostnadene. DNT bidrog med ein skodespelar, Jan Grønli

Regi, Bjørn Sundquist

## DRAMATIKKENS HUS

DNT og Dramatikkens Hus samarbeidde om produksjonen Fem årstider av Maria Tryti Vennerød. Stykket blei til gjennom heile året og hadde fire visingar ulike stader i landet der ulike delar av stykket blei vist. Til slutt blei stykke i sin heilskap vist på DNT's Scene 3. Dramatikkens Hus bidrog med midlar til prosjektleiar, reiser og eiga web- side.

Regi, Maren Bjørset

## ANEPANE PROD

DNT samarbeidde med anepane AS (Ane Dahl Torp og Sjur Miljeteig) om produksjonen Haugstussa. anepane bidrog med manus og komposisjon. Stykket blir spelt vidare i 2014, og ein prøver å få til turne med produksjonen i 2014.

Regi Ane Dahl Torp og Erik Ulfsby

## DRAMATIKKFESTIVALEN

August, september. DNT bidrog med to skodespelarar til produksjonen Crème de la Crème.

## FIGURTEATRET I NORDLAND

Samarbeid om Figurteaterfestivalen i Nordland. DNT bidrog med teknikarar.

## NATIONALTHEATRET, DRAMATEN (Stockholm), DET KONGELIGE TEATER (København) TIMEWISE

DNT er, saman med Nationaltheatret (Oslo), Dramaten (Stockholm) og Det Kongelige Teater (København), partnerar med Timewise. Partnerskapet går ut på å delta i vidareutviklinga av planleggingsverktøya Timewise Performing Arts Management og Timewise Webb.

## BUL og NU

Samarbeid om barne- og ungdomsteatersatsinga Den mangfaldige scenen. Sjå eigen rapport under mangfald.

## HØGSKULEN I NORD-TØNDELAG

Samarbeid om elevskulen Det Multinorske. Sjå eigen rapport under mangfald.

## ANDRE INSTITUSJONSTEATER

DNT samarbeider uformelt med andre institusjonsteater når det gjeld tekniske løysingar, lån av utstyr og utveksling av røynsle.

Produksjonssjefane på fleire av landets største teater kjem saman 2-3 gonger i året for å utveksle røynsler og diskutere felles utfordringar.

## DRAMATIKERFORBUNDET

Dramakanon. Samarbeid med andre teater om gåve i høve Dramatikerforbundets 75-årsjubileum. Framsyning i desember på Dramatikkens hus. Vi bidrog med skodespelarar og regissør.

## Vedlegg pkt 5.2

### Ressursutnyttinga samla og per produksjon

Ressursane for året sett under eitt blir fordelte mellom produksjonane i ein prosess der avdelingsleiarane kjem med innspel, men teatersjef i samarbeid med direktør lagar eit budsjett som blir endeleg vedteke av styret. Budsjettarbeidet startar ved at dei faste kostnadene og kostnader til vedlikehald og rehabilitering blir lagt i tråd med dei føresetnadene styret har fastsett. Deretter blir dei kunstnarlege rammene lagt.inntekspotensialet legg store føringar for rammene til produksjonane saman med rammene i kostnadsbudsjettet.

Under følgjer prosjektstyringsmodellen ved Det Norske Teatret. Den syner prosessen for ressursfordeling og ressursoppfølging for repertoaret som heilskap og for den einkilde produksjonen.

Prosjektstyring del 1 - fastsetje repertoar og skrive kontraktar

### Kunstnarleg tenkefase

Teatersjefen har faste møte der repertoar blir diskutert på lang sikt. Bør starte seinast 2 år før aktuelt budsjettår. Visjonar og vyer blir lufta, men lite blir bestemt.

I hovudsak ei kunstnarleg tankesmie, der teatersjefen har med seg dramaturgiat, kunstnarleg råd, musikksjef og andre teatersjefen ønskjer å luften tankar med.

### Kjernemedlemmer: Teatersjef, dramaturgiat og musikksjef

Produksjonssjef og produksjonskoordinator er med på møta ein gong kvar 2. månad for å følgje prosessen praktisk og skrive referat

### Møteleiar: Teatersjef

Referent: Produksjonskoordinator

**REPERTOARINNSPEL**– Teatersjefen kjem med repertoarinnspel frå ulike møte i kunstnarleg avdeling.

Arbeidet i denne fasen kulminerer i eit forslag til repertoar som teatersjefen tek med til neste fase. I prinsippet er det fint om teatersjefen har med seg fleire forslag enn det som er tenkt gjennomført.

### Konkretiseringsfasen

**Mål:** Fastsetje repertoaret – produksjon, premieredato, scene, storleik – konkrete titlar treng ikkje vere på plass, fordeling av type repertoar og ressursar

**Tidsrom:** rundt 2 år før aktuelt år, faste møte minimum ein gong i kvartalet

Kjernemedlemmer: Teatersjef, direktør, teknisk sjef, prod-plansjef, kommunikasjonssjef, økonomisjef og produksjonskoordinator

Møteleiar: Produksjons- og plansjef

Referent: Produksjonskoordinator

## Agenda:

- Plassere rett produksjon på rett scene til rett tid
- Vurdere fleksibilitet i høve til lagring av dekorasjon og om produksjonen skal kunne flyttast mellom scenar.
- Ressursallokering/budsjett – samansetting dekorasjonsstorleik, kunstnarlege aktørar, prøvelokale, inntekter og kostnader per produksjon
- Målgruppedifferensiering
- Heilskap i repertoaret/ omsyn til jubileum, ytre hendingar
- Vurdere publikumspotensiale
- Risikovurdering
- Plan B og eventuelt C
- Viktige kunstnarege aktørar blir bestemt i størst mogleg grad

Økonomisk ramme med produksjonsbudsjett, skodespelarbudsjett og budsjett for billettinntektene er hovudelementa utover dei faste kostnadene.

Vi bør ha mal for referat og mal for saker og kontrollpunkt som skal opp til diskusjon. Skriftleg agenda.

Når repertoaret er bestemt startar kontraktfasen.

## Prosjektstyring del 2 - Produksjonsfasen

Rammene blir fastsette

Mål: Avklare rammene for produksjonen, ha dialog med det kunstnarlege teamet, ende opp i eit konseptmøte

Tidsrom: 17 – 12 mnd før aktuelle premiere

### Rammemøte

Tidsrom: 17 – 15 mnd før premiere

Agenda: På rammemøtet blir økonomiske, menneskelege og andre ressursar fastsett

- Møteleiar presenterer møtedeltakarane og informerer om agendaen
- Teatersjef, direktør og kvar avdelingsleiar går igjennom fastsette rammer for sine felt
- Runde rundt bordet. Definere framdrifta når det gjeld eventuelle uavklarte punkt
- Informerer om komande milepelar

Møteleiar: Produksjons- og plansjef

Vidare tilstade: Teatersjef, direktør, kommunikasjonsjef, prod-plansjef, teknisk sjef, musikkjef, instruktør, scenograf, kostymedesignar, evt. musikalsk ansvarleg, produksjonskoordinator og koordinator teknisk kontor

Referent: Produksjonskoordinator

### Rammemøte 2 internt

Tidsrom: 1 måned etter rammemøte

Agenda: På rammemøte blir økonomiske, menneskelege og andre ressursar fastsett

- Følgje opp utkast til ressursfordeling frå rammemøtet.

Møteleiar: Produksjons- og plansjef

Vidare til stades: Teatersjef, direktør, prod-plansjef, teknisk sjef, kommunikasjonsjef, produksjonskoordinator og koordinator teknisk kontor

Referent: Produksjonskoordinator

## Konseptmøte

Tidsrom: 15 - 12 mnd før premiere

Agenda: Det kunstnarlege teamet skal fritt presentere sine tankar og idear med utgangspunkt i dei rammene som er gitt på rammemøte. På konseptmøtet kan og bør ideane framleis vere nokså lause og ikkje for fastspikra, slik at det er rom for å tenkje nytt dersom konseptet viser seg å ikkje vere realiserbart (heilt eller delvis).

- Møteleiar informerer om agendaen
- Det kunstnarlege teamet presenterer sine tankar, ønskjer og behov.
- Runde rundt bordet. Prøve å definere kva som er enkelt å gjennomføre av det som er verte presentert og kva som eventuelt ikkje er det.
- Avklare vidare framdrift

Møteleiar: Produksjons- og plansjef

Vidare til stades: Teatersjef, direktør, prod-plansjef, teknisk sjef, kommunikasjonssjef, informasjonssjef, musikk sjef, sjefs dramaturg, produksjonskoordinator, tekniske produsentar, lydsjef, inspisient, instruktør, dramaturg, scenograf, kostymedesignar, lysdesignar, koreograf, videodesignar og koordinator teknisk kontor.

Referent: produksjonskoordinator

## Produksjonen er i gang

Mål: Å arbeide fram det kunstnarlege uttrykket vi ønskjer å vise på premiere – skape den optimale teaterproduksjonen!

Tidsrom: 13 - 0 mnd før aktuell premiere

## Skisse møte

Ca. 9 mnd. før premieren.

Scenograf/kostymedesignar leverer skisser til scenografi og kostyme.

Møteleiar: Teknisk sjef

Vidare til stades: Instruktør scenograf, Kostymedesignar, Teknisk produsent, Teknisk sjef, Koordinator teknisk kontor, Teknisk konstruktør

Referent: Koordinator teknisk kontor

## Uttrykksmøte

Ca. 7 mnd. før premieren

(Koordinator teknisk-kontor kallar inn til modellmøte og uttrykksmøte samstundes)

Kommunikasjonsavdelinga møter instruktøren og scenografen for å få innspel til det visuelle uttrykket i marknadsføringa.

Møteleiar: kommunikasjonssjef

Vidare til stade: instruktør, scenograf, informasjonssjef, kommunikasjonssjef

Referent: kommunikasjonssjef

## Modellmøte

Ca. 7 mnd. før premieren.

scenograf/kostymedesignar leverer scenografimodell og kostymeteikningar.

Møteleiar: teknisk sjef

Vidare til stade: instruktør, scenograf, kostymedesignar, dramaturg, teatersjef, direktør, produksjons- og plansjef, kommunikasjonssjef, informasjonssjef, teknisk produsent, fagavdelingsleiarar, koordinator teknisk-kontor og andre som har nytte av å sjå modellen

Referent: koordinator teknisk-kontor

## Produksjonsmøte

Ca 1 måned før prøvestart

Diskusjonar rundt produksjonsplanen i prosjektet, prøvetid, lokalar, teknisk tid evt permisjonar.

Møteleiar: produksjon- og plansjef

Referent: produksjonskoordinator

Vidare tilstade: produksjon- og plansjef, produksjonskoordinator, planleggjar, teknisk sjef, leiar for ljosaavdelinga/teknisk produsent, leiar for sceneavdelinga/teknisk produsent, instruktør og eventuelt andre som har innspel til produksjonsplanen

## Produksjonstekniske møte

Kontinuerleg i prøveperioden

Dei tekniske tilhøva i produksjonen blir handsama

Møteleiar: teknisk sjef

Referent: koordinator teknisk-avdeling

Vidare tilstade: instruktør, scenograf, kostymedesignar, lysdesignar, koreograf, eventuelt andre skapande kunstnarar i prosjektet, teknisk sjef, leiar for ljosaavdelinga/teknisk produsent, leiar for sceneavdelinga/teknisk produsent, inspisient, planleggjar, produksjonskoordinator, fagavdelingsleiarar, teknisk konstruktør og rekvisitør. Representant frå kommunikasjonsavdelinga er med på det første produksjonstekniske møtet for produksjonen.

## Leseprøve

Ca 2 mnd. før premieren

Prøvestart m informasjon om stykket. Modell blir presentert. Lese gjennom manus.

Møteleiar: instruktøren

Vidare til stade: ensemblet + dramaturg + språkkonsulent og representantar frå kommunikasjonsavdelinga

## Premiere

Teppet går opp. Alt skal vere ferdig.


## Etter siste framsyning:

### Evaluering

Teatret går gjennom ressursbruken i den enskilde produksjonen undervegs i produksjonsfasen og etter at produksjonen er ferdig. Teatersjef i møte med dramaturgiatet diskuterer prøveprosess, resultat og mottaking fortløpande, men utan å formalisere desse samtalanane for sterkt. Det blir skriva referat. Kvar fredag morgon blir det halde eit møte der representantar for dei ulike produksjonane som er i gang fortel korleis arbeidet utviklar seg. Deltakarane er svært nøgde med dette møtet. Leiargruppa evaluerer året sett under eitt og produksjonane kvar for seg. Styret får oversikt over det økonomiske resultatet i kvart prosjekt med forklaring på store avvik, i tillegg til rapportar undervegs i prosessen.

I ein travel kvardag ser vi at evaluering er eit område som ikkje blir prioritert i den grad det kanskje burde.

Vi har røynsler som tilseier at vi skal vere varsame med evalueringsprosessane slik at dei ikkje utartar til tilfeldig utblåsing og personkritikk. Teatret kan bli betre til å gje meldingar attende til engasjerte på korttidskontraktar, som gjer det mogleg for dei å gjere ting enno betre neste gong dei blir leigde inn av teatret.



©cg 23.5.2008  
 Versjon 3 / Revidert 17.1.2014

## Andre prosessar

I tillegg til møta nemnde i oversikten, går teatret gjennom dei kunstnarlege personalressursane kvar veke i eit møte vi kallar synkroniseringsmøte. I dette møtet er produksjons- og plansjef, produksjonskoordinator, teatersjef og direktør. Saker som kjem opp er kontraktar til instruktørar, scenografar og andre kunstnarlege involverte, stykkekontraktar til skodespelarar og eventuelle permisjonssøknader frå skodespelarane. Kvar veke har vi eit Speleplanmøte. I dette møtet er produksjon- og plansjef møteleiari. Vidare er kommunikasjonssjef, teknisk sjef, planleggar, teatersjef, direktør og ansvarleg for billettsystemet til stades i møtet. Her blir endringar i speleplanen på kort og lang sikt diskuterte. Ressursutnytting utifrå speleplanen er eit viktig element i desse møta. Kvar veke har teatersjef og direktør fast kommunikasjonsmøte med kommunikasjonssjefen og direktør har faste økonomimøte med økonomisjefen.

Teknisk sjef har budsjettansvar for materialressursane i produksjonane. Teknisk sjef får eit budsjett for den enskildte produksjonen. Budsjettet blir lagt fram for dei kunstnarleg ansvarlege i produksjonen i rammemøte. I det påfølgjande konseptmøtet skal instruktør og scenograf presentere korleis dei har tenkt å løyse produksjonen innafor rammene. Teknisk sjef har to tekniske produsentar som saman med teknisk konstruktør lagar detaljerte materialbudsjett for produksjonen. Forutan diverse justeringsmøte mellom teknisk og kunstnarane bak produksjonen, har vi eit skissemøte og eit modellmøte der det visuelle uttrykket blir lagt fram og diskutert. Dei detaljerte materialbudsjetta syner kor mykje som er sett av til kostymematerial, til smia, til snikkarverkstad, målararsal etc. Teknisk sjef har fullmakt til å sjå heile sitt budsjettområde under eitt og kan gå over budsjett for ein produksjon om han sparar inn tilsvarende på ein anna. Alt skjer i dialog og forståing med kunstnarleg leiing ved teatersjefen. Det økonomiske resultatet i prosjektet blir evaluert i samband med evaluering av prosjektet kunstnarleg. Under evalueringane ser vi om prosjektet kunne blir løyst annleis innafor rammene.

Produksjons- og plansjefen har budsjettansvar for dei kunstnarlege personalressursane i prosjekta. Ettersom kontraktane for mange kunstnarar ofte må forhandlast fleire år før produksjonen tek til, legg vi tentative budsjett for delar av det kunstnarlege programmet for fleire år framover. Dei kunstnarlege ressursane blir lagde fram for det kunstnarlege teamet i rammemøtet. Der har produksjonen høve til å omdisponere ressursane innafør ramma. Det hender ein instruktør ønskjer videodesignar i staden for komponist, eller tilsvarande omrokkingar. Endeleg bemanning blir sett ned på konseptmøtet. Skodespelarressursane blir diskuterte kvar veke på synkroniseringsmøtet.

Kommunikasjonssjefen har budsjettansvar for marknads- og informasjonsressursane. Kommunikasjonssjefen har høve til å disponere ressursane mellom produksjonane innafør ramma. Marknadsbudsjettet må sjåast opp mot korleis produksjonen sel, og om marknadstiltaka som er lagde inn i marknadsstrategien for den einkilde produksjon treff eller ikkje. Teatersjef og direktør har møte med kommunikasjonssjefen kvar veke for å følge utviklinga.

Utover ressursane i produksjonane har driftssjefen budsjettansvar for drift og vedlikehald. Økonomisjefen har budsjettansvar for administrative ressursar og held auge med dei overordna økonomiske rammene. Driftssjefen og teknisk sjef har ansvar for kvar sine større område av investeringsbudsjettet.